

2021
2022
2023
2024



Handlingsdel til kommuneplanen Økonomiplan 2021-2024 Årsbudsjett 2021

LOM KOMMUNE 15.12.2020

Innheld

Innleiring	2
1. Demografi.....	3
2. Oppfølging av satsingsområder i kommuneplanens samfunnsdel	4
2.1 Folkehelse.....	4
Helse	4
Born og unge	8
Levekår, kultur og friviljug sektor.....	11
Friluftsliv	15
2.2 Næring og samfunn	16
Landbruk.....	16
Næringsutvikling.....	17
Sysselsetting	19
Transportplanlegging, tettstadsutvikling og bustadbehov	19
2.3 Klima og miljø	22
Klima	22
Beredskap og samfunnstryggleik.....	23
Naturmangfold og kulturminne.....	23
Vasskvalitet.....	24
3. Planstrategi og planarbeid 2021	25
4. Interkommunalt samarbeid og tilskot til andre	26
5. Handlingsreglar for overordna økonomisk styring.....	27
6. Vesentlege inntekts- og utgiftsføresetnadar.....	28
Rammetilskot og skatt.....	28
Kraftinntekter og utbytte	29
Eigedomsskatt	29
Næringsfond	30
Løns- og prisføresetnader	30
7. Risiko og utfordringar	31
8. Investeringstiltak 2021 og i økonomiplanperioden.....	33
9. Rammeområda	38
9.1 Rammeområde 1 – Budsjett og aktivitetsendring	38
9.2 Rammeområde 2 – Budsjett og aktivitetsendring	43
9.3 Rammeområde 3 – Budsjett og aktivitetsendring	45
10. Budsjettskjema og protokoll vedtak.....	48

Innleiing

Ved oppstart av arbeidet med budsjett og økonomiplan for 2021-2024, vart det i utgangspunktet lagt til grunn at driftsnivået for 2020 skulle vidareførast. Det vart tidleg klart at endringa i antal innbyggjarar førte til at rammeoverføringa frå staten vart redusert. Andre større inntekter som konsesjonskraft og integreringstilskot er også vesentleg redusert.

Det er årleg ei utfordring for kommunen å tilpasse driftsnivået til dei økonomiske rammene, som endrar seg vesentleg kvart år. Det har vorte ein normalsituasjon å gjera årlege omstillingar. Dette utfordrar den langsiktige planlegginga, og er svært arbeidskrevjande både politisk og administrativt. Kontinuerleg omstilling og effektivisering er difor avgjerande for å oppnå økonomisk balanse, og moglegheit for å sette av midlar til sparing.

Til tross for at driftsnivået må reduserast, er det prioritert satsing rundt næring, innovasjon, digitalisering, velferdsteknologi, folkehelsetiltak og førebyggjande arbeid. Det er eit mål om at dette skal bidra til nyskaping og ytterlegare auke kvaliteten på tenestene. Regionalt samarbeid og endring av strukturar kan vera eit virkemiddel for å møte framtidas behov for tenesteyting til innbyggjarane.

Prosessen rundt arbeidet med budsjett og økonomiplan er vesentleg endra frå tidlegare år, ved at det er formannskapet som innstiller for kommunestyret. Arbeidsforma er meir tidskrevjande for både administrasjon og formannskap, men gjev større politisk innsikt og moglegheit for politisk påverking gjennom heile prosessen. Administrativt har arbeidet med å konsekvensvurdere endringar starta før sommaren, der også tillitsvalde og verneombod har vore involvert. Kommunestyret vedtok plan for prosess i april, og hadde budsjettkonferanse i oktober. Formannskapet har delteke i KOSTRA-gjennomgang med KS, og vidare gjennom heile prosessen med arbeidsøkter saman med administrasjonen.

Dokumentet har endra form, ved at satsingsområda frå kommuneplanens samfunnsdel er lagt til grunn for inndeling. Det er eit mål om at dette skal tydeleggjera oppgåver administrasjonen skal arbeide med, for å oppnå måla i samfunnsdelen. Årsrapportering til kommunestyret skal vere ut frå dei definerte satsingsområda i denne handlingsdelen.

Formannskapet i Lom 24.11.2020

Bjarne Eiolf Holø, ordførar (SP), Marit Sletten, varaordførar (SP), Trond Volden (BL)
Kjell Brandsar (LL), Sigrun Garmo (AP),

1. Demografi


Dei regionale framskrivingane viser at befolkninga i Norge veks med 11 prosent fram til 2050, men at denne auka er ujamnt fordelt geografisk. Resultatet viser sentralisering, og dette fører til sterke aldriking i distrikta.

Folketalet i Lom har dei 10 siste åra vorte redusert med om lag 200 innbyggjarar, og ser ein 20 år attende i tid, er det ein reduksjon med om lag 370 innbyggjarar.

Framskriving for Lom frå SSB (MMM alternativet) viser at ein kan forvente ein ytterlegare reduksjon med om lag 130 personar fram til år 2030. Frå utgangen av 2. kvartal 2019 til same tidspunkt i 2020, er det ein reduksjon med 56 innbyggjarar, og ein kan difor sjå ein tendens til at folketalet i realiteten endrar seg negativt i større grad enn prognosane har vist tidlegare.

Innbyggjartalet i Lom ved utgangen av 2. kvartal 2020 var 2214.

Målt ut frå nivå 2020, vil utgiftsbehovet gå noko ned, men vere samla stabilt fram mot 2030. Prioritering mellom dei ulike sektorane vil vere avgjerande for tenestetilbodet til dei ulike aldersgruppene i kommunen.



2. Oppfølging av satsingsområder i kommuneplanens samfunnsdel

Kommunelova seier at økonomiplanen skal syne korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal fylgjast opp. Vidare skal økonomiplanen med årsbudsjett syne kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar, og dei måla og premissa som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på.

Plan- og bygningslova seier at kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som syner korleis planen skal fylgjast opp dei fire neste åra eller meir.

I Lom kommune er dette samla i eitt dokument. Det vil seie at økonomiplanen er handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel. Føremålet med å gjere denne koplinga er å gjere tydeleg korleis måla i samfunnsdelen skal fylgjast opp og kva for økonomiske konsekvensar tiltaka har. Ein annan måte å seie det på er at økonomiplanen er samfunnsdelen sin økonomirelevans.

I det fylgjande vert det gjeve ei beskriving av korleis satsingsområda i kommuneplanen sin samfunnsdel blir følgt opp gjennom tiltak i neste budsjettår og vidare i økonomiplanperioden.

2.1 Folkehelse

Delmål i kommuneplanen sin samfunnsdel

- Skape samfunnsmessige føresetnader for ei god helse på like vilkår for heile befolkninga.
- Oppvekst er fundamentet for barn og unge når det kjem til kunnskap, haldningar og ferdigheitar. Om barn og unge får realisert seg sjølv til det beste for samfunnet og seg sjølv, vert grunnlaget for eit samfunnsaktivt vaksenliv lagt. Ein håpar at resultata vil visast i framtidige undersøkingar, både Ungdata og folkehelseprofilar.
- Ei forbetring av levekår skal vere eit bærande element i kommunens planlegging og arbeid. På sikt håpar ein at dette vil synast i folkehelseoversiktene.
- Friluftsområda i kommunen skal være tilgjengeleg for innbyggjarane.
- Innbyggjarane i kommunen er ei fellesnemning på alle som er busett i kommunen. Barn, unge, flyktningar, tilflyttarar, vaksne og eldre.

Helse

Demografiendringar tilseier eit auka press på helse- og omsorgstenesta med eit klart knekkpunkt i 2026 når det gjeld andelen eldre samanlikna med andelen i yrkesaktiv alder, og kommunen må dreie

drift i tråd med denne demografiendringa i økonomiplanperioden. Som eit ledd i dette og behovet for å tilpasse riktig tenestenivå innan eldreomsorga, blir det i 2021 sett i gang eit prosjekt på **framtidig bu og tenestetilbod pleie og omsorg**. Prosjektleiar blir tilsett frå 01.01.21, og det skal prioriterast å fremme sak til Levekårutvalet rundt organisering av arbeidet. Kommunen skal sørge for trygge og forsvarlege helse- og omsorgstenester ved å vektlegge førebygging og tilrettelegging for mestring, samt imøtekome lokalsamfunnet sitt krav og behov for tenester gjennom heilsakleg prioritering og innovativ oppgåveløysing. Kommunen må etablere tenester som kan handtere framtidige behov innanfor økonomiske rammer der dreiling frå institusjonsbasert omsorg til heimebasert omsorg er ein føresetnad. Prosjektet vil rette seg inn mot planlegging, framdrift og gjennomføring av ei heilsakleg omstilling innan pleie og omsorg. Dette skal skje i tråd med kvalitetsreforma "**Leve hele livet**" og intensjonane i samhandlingsreforma. Målet er eit generelt kvalitetsløft for dei eldre ved å ha tiltak som bidreg til auka fokus på folkehelse, auka krav til eigenomsorg og ved å yte tidleg innsats med fokus på mestring. Samskaping og brukardialog skal integrerast i prosjektet og leggast til grunn for tiltak.

Som ein del av satsinga på framtidig bu og tenestetilbod pleie og omsorg, vil ferdigstilling av arbeidet med **bustadsosial plan** prioriterast. Dette blir prioritert i 2021. Eit variert bustadtilbod gjev valmoglegheiter ut i frå livssituasjon og -fase, samt er ein føresetnad for å lykkast med mål om dreiling av pleie og omsorgstenesta. Det er viktig at kommunen som tilretteleggjar evnar å utvikle tilbod i tråd med etterspørsel. Det vart i 2020 etablert ei kommunal bustadgruppe som jobbar med retningsliner og tildeling av kommunale bustadar. Det er viktig at det blir gjort avklaringar opp mot Husbanken, slik at ein kan omdisponere dei bustadane som er knytt opp mot tidlegare tilskot. Kommunen har ikkje lenger behov for same omfanget av flyktningbustadar, og ein lyt derfor sørge for at desse bustadane blir frigjort til anna formål.

Revidering av Kvalitetsstandar for tildeling av omsorgstenester blir eit viktig ledd på vegen mot dreilinga av pleie og omsorg. Det er behov for strengare kriterier for tildeling av omsorgstenester for å sikre hjelp til brukarar med omfattande omsorgsbehov. **Velferdsteknologi** skal inn som ei teneste. Bruk av velferdsteknologi vil legge grunnlaget for auka eigenmestring og dermed livskvalitet. Pasienttryggleiken vil auke og det vil frigje helsepersonelltid som kan nyttast til brukarar med størst omsorgsbehov. Regional velferdsteknologiplattform vil kome på plass i løpet av 2021. Så snart den er på plass, startar prosessen med innkjøp av nytt pasientvarslingsanlegg ved Lom helseheim.

Kompetansehevande tiltak innan velferdsteknologiens ABC held fram i 2021, med mål om at alle tilsette skal få opplæringa. Satsinga skjer som eit samarbeid mellom Utviklingssenteret i Innlandet og

prosjektet **Smart Velferdsregion**. 19 tilsette gjennomførte opplæringa i 2020. Ressursperson i kommunen deltek som forelesarar i utdanninga.

Aktivitetstiltak for å motverke einsemd, passivitet og sosial tilbaketrekking er ein nøkkel for å lykkast i dreiling av tenesteyting innan helse og omsorg. Målet er å skape aktivitet, deltaking, sosialt fellesskap og møteplassar for seniorar og eldre. Prosjektet "**Aktive saman**" vil bli vidareført og det skal arbeidast for å vidareutvikle denne satsinga med mål om eit breiare tilbod. Dette kan utviklast i samarbeid med Friviljugsentralen, Utgard, Lom folkebibliotek og lokalt kompetansesenter. Det vil i 2021 bli søkt nye tilskottsmidlar frå Helsedirektoratet/Fylkesmannen i Innlandet. **Tidleg innsatsteam** vart etablert i 2020 og er ein del av det førebyggande arbeidet mot seniorar og eldre.

Kvardagsrehabilitering er eit anna tiltak som også bidreg til førebygging av funksjonsfall. Gjennom desse tiltaka vil kommunen jobbe metodisk og systematisk for å vedlikehalde opplevd livskvalitet og jobbe for å utvikle sosiale nettverk til innbyggjarar som av ein eller annan årsak ikkje klarar å ivareta dette på eigehand.

Dagsenter for heimebuande med demenssjukdom blir vidareført som i 2020. Tilboden er 7 plassar á 3 dagar/veke.

Kompetanseheving er ein viktig premiss for å lykkast med oppgåveoverføringa frå spesialisthelsetenesta til primærhelsetenesta. Helse og omsorg er ein kompetansesektor med høg grad av fagutdanning, men som manglar spisskompetanse. Det blir jobba med kompetanseheving i kommunen og det blir sett på moglegheiter for å nytte kompetanse betre på tvers av kommunegrenser og i regionen. Spesialisthelsetenesta signaliserer at dei skal hjelpe kommunane og bistå som ein rettleiar i oppfølging av brukar lokalt.

Psykisk helse og rus er eit sentralt satsingsområde og utviklingsområde der mange oppgåver blir lagt til kommunen. Pågang og tal av saker er relativt stabilt frå år til år, men tenesta opplev at utfordringane og tidsbruken i kvar enkelt sak er jamt over meir krevjande nå enn før. Tenesta er styrka med kommunepsykolog. For å lykkast framover er det viktig å ha stort fokus på god og smidig samhandling mellom dei ulike tenestene både lokalt og med spesialisthelsetenesta. **FACT** er etablert som eit tverrfagleg ambulerande team og skal yte hjelp der pasienten bur. Modellen bygger på eit tett samarbeid mellom kommune, spesialisthelseteneste og NAV. Psykisk helse Lom og Skjåk bidreg inn i teamet med 20% ressurs. Fylkesmannen i Innlandet har kunngjort at det vil vere tilskottsmidlar å sökje på i 2021. Tenesta håpar å få tilsegn på midlar som kan nyttast til utvikling av tenesta i tråd med dei sentrale føringane.

Utvikling og oppbygging av NGLMS er eit felles satsingsområde for regionen i Nord-Gudbrandsdal. Kommunen deltek i denne satsinga gjennom fleire prosjekt i regi av regionen. I samband med

etablering av ny sjukehusstruktur for Innlandet, er det lagt opp til at 30% av behandlingstilbodet innan spesialisthelsetenesta skal desentralisera. På bakgrunn av dette har drifts- og utviklingsrådet (DUR) for NGLMS utarbeidd eit mandat for ei arbeidsgruppe som skal legge fram sine tilrådingar for DUR i fyrste halvdel av 2021 som eit grunnlag for igangsetting av utviklinga og oppbygginga. Det blir sett på moglegheiter for å kople denne satsinga inn mot andre satsingar for regionen med mål om å oppnå synergieffektar. Her kan nemnast prosjektet "Universitetsregion" og "Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal".

NGLMS er drifta etter vertskommunemodellen med Sel kommune som vertskommune. Det er ønskjeleg å få til eit større eigarskap til NGLMS og eigarskapsmodellen skal evaluera. I budsjettforslaget frå vertskommunen er det lagt opp til ei auke med 12% frå 2020. Dette er i hovudsak knytt til auka utgifter til [sengeavdelinga](#). På bakgrunn av dette har formannskapet gjeve ei uttale der det blir bedt om at vertskommunen gjer vurderingar av strukturen innafor helsearbeidet, og særleg innafor legevaktvarsling/alarmsentral med mål om å redusere driftsutgiftene. [Budsjettet for 2021](#) har ikkje teke fullt høgde for 12% auke og det blir forventa at det blir sett inn tiltak for å redusere anslaget. Tenestene som er lokalisert til senteret legg til rette for oppbygning av robuste kompetansemiljø, forsking og etablering av felles praksisplattform mellom kommunehelseteneste og spesialisthelseteneste.

Gjennomføringsprosjekt DPS blir sluttført i desember 2020. Prosjektrapporten legg grunnlaget for om det er mogleg å samle døgntilbod i form av brukarstyrt seng og avklaringsseng som døgntilbod ved NGLMS. Dette blir vurdert opp mot ledig kapasitet av intermediær (IM) og kommunal akutt døgneining (KAD). Intermediær seng er for pasientar som ei periode har behov for eit forsterka tilbod i staden for, eller etter sjukehusinnlegging, der behovet for oppfølging er større enn det kommunen kan ivareta. Liggedøgnsstatistikk syner ein beleggsprosent på omlag 80% for IM og 60% for KAD.

Det er påbyrja ei regional utgreiing av [svangerskapsomsorg og jordmorvakt](#), samt evaluering av **barnevernvakt**. Evaluering skal leggast fram i 2021 og danne grunnlag for val av vidare modell.

Som eit ledd i tilrettelegging for oppgåveoverføringa frå spesialisthelsetenesta, har det over tid vore prosess med nabokommunar for å sjå på moglegheiter for fellestener innan helse. [Fysioterapi og ergoterapi](#) etablerast som eit vertskommunesamarbeid mellom Lom og Skjåk frå mars 2021. Lom blir vertskommune. Lom og Skjåk vil i løpet av 2021 konsekvensvurdere eit vertskommunesamarbeid på **helsestasjon og skulehelseteneste**.

Arbeidsgjevarstrategien for Lom kommune skal ferdigstilla i 2021. Høg andel deltidstilsette er ei utfordring for helse- og omsorgstenesta. I omstilling frå deltid til heiltid ligg det eit stort arbeidskraftpotensial som vil demme opp for demografiendringa i økonomiplanperioden. Å få fleire

til å jobbe **heiltid** vil gje kommunen betre tenester, eit betre arbeidsmiljø og styrke omdømmet som arbeidsgjevar. Kommunen vil jobbe systematisk med å redusere sjukefråværet og rette fokus mot "nærværssarbeid". Som eit ledd i dette, vil det bli sett i gang eit arbeid der **årsturnus** for pleie og omsorg blir vurdert som eit aktuelt tiltak.

I Lom kommune er det i november 2020 tre **lærlingar**, alle innan helsefag. To av desse avsluttar si læretid i august 2021. Kva fag nye lærlingar Lom kommune skal rekrutterast i blir bestemt etter drøftingar mellom arbeidsgjevar og tillitsvalde ut frå kommunen sitt eige behov og samfunnet sitt behov for læreplassar. Fagopplæring av lærlingane skjer i samsvar med dei reglane som til kvar tid gjeld i opplæringsloven, Hovudtariffavtala og Hovudavtala (HTA kap. 6, 1.avsnitt).

Eit god samarbeid med Innlandet Fylkeskommune blir viktig framover for å til ei kvar tid ha rett og god kompetanse, for at lærlingane skal få den opplæringa dei etter lovverket skal ha.

Born og unge

Tidleg innsats er ein viktig del av folkehelsearbeid og eit nasjonalt mål jf Meld. St.6 (2019 – 20) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Det handlar om å gje hjelp så tidleg som råd, anten vanskane oppstår i førskulealder eller seinare i livet. Og ikkje minst handlar det om å førebygge.

Helsestasjonen treff alle barn frå fødselen av og deira foreldre, og tenesta er viktig i det førebyggande folkehelsearbeidet. Tenesta har ei viktig rolle i oppfølging av arbeidet for tidleg innsats barn/unge, og har dei seinare åra fått statlege tilskotsmidlar som har gjort det mogleg å styrke tenesta med 50% helsesjukepleiarressurs. I forslag til statsbudsjett har regjeringa foreslått at tilskotet gjerast om til eit reint lønnstilskot til kjernekompesanse-profesjonane i tenesta, samt at det skal gjerast vedtak for tre år (med etterhald om Stortinget si handsaming av budsjettet). Kommunen vil i 2021 søkje midlar for heile økonomiplanperioden, med mål om å oppretthalde og vidareutvikle denne satsinga i tråd med dei sentrale føringane.

Barnehagane har ei særsviktig rolle, sidan dei møter barna tidleg i livet. Barnehagane har pedagog- og bemanningsnorm, men det kan likevel vere utfordrande å fange opp, kartlegge og sette inn hjelpdersom bemanninga er marginal.

I Lom er det tradisjon for å prioritere dei yngste klassane ved tildeling av ressursar, noko som truleg er ei medverkande årsak til **gode læringsresultat** i 5.kl. God ressurstilgang og godt grunnlag tidleg i skuleløpet bør føre til at det blir mindre behov for hjelpetiltak seinare.

Gode leseferdigheiter er avgjerande for å tilegne seg kunnskap i alle fag. I leseopplæringa er det viktig med små, jamne drypp. Frå skuleåret 2021/2022 blir det innført [**femdagars skuleveke**](#) for 2. klasse.

To gode døme på folkehelsetiltak i barneskulen er **aktiv læring** og **uteskule**. Kort sagt handlar aktiv læring om at elevane sidan 2016 systematisk har brukt skulegarden som læringsarena på ein slik måte at dei får opp pulsen samtidig med at dei lærer. Uteskule har vore ein fast del av pedagogikken på Loar sidan midt på 90-talet. Dette er tiltak som i høg grad bidreg til både fagleg, personleg og sosial læring.

Tilrettelegging på skulane sine uteområde er viktig for å oppmode til leik, læring og aktiviteter i undervisning og pausar. Dette må skje i samarbeid med FAU ved skulane og andre eksterne aktørar. I løpet av 2021 er det ein prioritet å renovere underlaget i ballbingen ved Lom ungdomsskule.

Elevar bør så langt råd er få nødvendig hjelp innanfor ordinær undervisning. Det er derfor eit lokalt, regionalt og nasjonalt mål at **spesialundervisning** bør gjevast berre når det er absolutt nødvendig. I samarbeid med [**PPT**](#) har Lom kommune, saman med andre kommunar i regionen, sett i gang ein prosess for å vurdere om dagens praksis bidreg til å nå målet om færre enkeltvedtak, og om ressursar kunne vore brukta på ein meir hensiktsmessig måte.

Ungdomstida er ein sårbar alder. Det er derfor positivt at folkehelse og livsmeistring frå hausten 2020 har kome inn som tverrfaglege tema i skulen. Folkehelse og livsmeistring som tverrfagleg tema skal gje elevane kompetanse som fremjar god psykisk og fysisk helse, og som gjev moglegheit til å ta ansvarlege livsval. I denne samanhengen har lærarane i Lom blitt kursa i bruk av undervisningsopplegget "Link til livet", LINK står for livsmeistring i norske klasserom.

Lom kommune deltek i folkehelseprosjektet "Sei det" saman med Dovre og Skjåk. Målet er å **styrke den psykiske helsa** gjennom at elevane skal bli flinkare til å regulere og setje ord på eigne kjensler.

Lom gjennomfører systematisk **Ungdata**-undersøkinga som saman med elevundersøkinga gjev mykje nyttig informasjon om korleis dei unge har det. Målet med Ungdata er mellom anna å kunne utforme ein god oppvekstpolitikk.

Etter at ungdomsklubben vart lagt ned, er det ikkje etablert **fritidstilbod** for ungdom i kommunal regi. Ungdata-undersøkinga fortel at berre 14% av ungdomsskuleelevane i Lom synest tilbodet av lokale der dei kan treffast på fritida er bra, mot 50% på landsbasis. Det er eit mål om at gode, tilrettelagte møteplassar skal bidra positivt til eit aktivt og godt ungdomsmiljø.

Det er planlagt fleire tiltak for å etablere **aktivitetstilbod** for ungdom, både i offentleg og privat regi. Kommunen har kartlagt kva ungdommen sjølv ynskjer gjennom ei spørjeundersøking. Denne syner at dei fleste ynskjer seg ein møteplass med god internettdekning, trivelege lokalar og musikkanlegg. Vidare har ungdommen ulike forslag til aktivitetar, som biljard, gaming, video, dart, karaoke, idrett, ulike temakveldar og mat/kiosktild. Eit mogleg tilbod for å møte dette behovet er å legge til rette for møteplass i Utgard. Uttalar frå ungdomsrådet og spørjeundersøkinga blir lagt til grunn for utvikling av tilbod. Det skal også etablerast eit tilbod for elevar etter skuletid. Dette skal vere retta mot ungdom som treng ein plass å vere mellom skuleslutt og organisert aktivitet.

Skulane og barnehagane deltek i den toårige satsinga "**Inkluderande barnehage- og skolemiljø**", i regi av Udir. Målet er at tilsette skal bli enda flinkare til å arbeide for trygge og gode barnehage- og skolemiljø, få betre regelverkkompetanse, organisasjonslæring og lære meir om å førebygge, avdekke og handtere mobbing.

Frå nyttår blir **mobbellov** for barnehagane gjort gjeldande, med tilnærma dei same krava som skulen har. Det vil stille store krav til barnehagetilsette sin regelverkkompetanse og handtering av saker. Oppvekst og helse skal jobbe tverrfagleg for å utvikle eit godt barne- og ungdomsmiljø, samt førebygge negativ utvikling. I denne samanheng er det etablert ei strategisk leiargruppe der politikontakta er ein viktig ressurs. Gruppa har som mål å identifisere utfordringar og setje inn tiltak.

Folkehelse og tidleg innsats handlar også om å arbeide på tvers av fagområde. Ved å arbeide heilsakleg vil ein kunne hjelpe barn og unge raskare og meir effektivt, mellom anna ved at foreldre slepp å gå frå instans til instans. I Lom er det oppretta **tverrfagleg ressursgruppe** som kan bistå barnehagar, skular og foreldre ved behov. Kommunepsykologen er ein viktig ressurs i denne gruppa. Gjennom **barnevernsreforma** som trer i kraft frå 2022 skal kommunane få meir ansvar innan barnevernsområdet. Det er eit mål at kommunen sitt førebyggande arbeid og den tidlege innsatsen skal styrkast ytterlegare. Hjelpa skal bli betre tilpassa behovet til barn og familie, og rettssikkerheita til barn og familie skal bli godt teke i vare. Med barnevernsreforma får kommunen auka finansieringsansvar for tiltak i barnevernet. Dette skal gje kommunane betre moglegheiter og sterkare incentiv til å prioritere førebyggande tilbod til barn og familiar. Kommunane vil bli kompensert for auka økonomisk ansvar for barnevernet gjennom ei auke i rammetilskottet.

Fagfornyinga krev mykje av skulane framover og gjeld frå august i 2020 for alle elevar utanom 10. kl., som tek i bruk nye læreplanar eitt år seinare. Bakgrunn for fagfornyinga er at lærestoffet skal vere meir relevant. Samfunnet endrar seg med ny teknologi, ny kunnskap, og nye utfordringar. Det krev

barn og unge som kan reflektere, er kritiske, utforskande og kreative. Det skal bli betre tid til djupdelæring med betre samanheng i og mellom faga.

Gjennom den statlege kompetanseordninga Dekom (desentralisert kompetanseutvikling) er skulane godt førebudde. Dei har arbeidd systematisk og målretta, i samarbeid med rettleiar frå Høgskulen i Innlandet, for å stå best mogleg rusta.

Framtidas skule stiller store krav til digitalisering. Arbeidet med å få på plass infrastruktur, utstyr og kompetanse, er godt i gang. Det vart budsjettet med midlar i 2020 som har blitt brukt til infrastruktur, samt kompetanseheving i kva digital kompetanse eigentleg inneber. Prosessen vil avklare kva utstyr elevane skal ha. Sidan type utstyr enda ikkje er bestemt, er det krevjande å talfeste kostnader og om desse skal på investerings- eller driftsbudsjett. Utgiftene som er lagt inn i budsjettet for 2021, på rammeområde 2, er såleis mykje med utgangspunkt i erfaringar frå andre kommunar.

Når val av elevutstyr er gjort, blir det nytt anbod. Firmaet som får tilbodet skal stå for opplæring i bruk av utstyret. Midlar til dette er lagt inn i budsjett 2021, med finansiering frå bundne fond og OU-midlar.

Det blir stadig færre barnehagebarn. Frå 2017 til 2020 har talet gått ned frå 119 til 87. I Garmo var det 49 ungar i 2017. I år er det 31. Ut frå fødselstal vil nedgangen halde fram. I budsjettet 2021 er det teke utgangspunkt i at det blir 26 barn i Garmo. Det er aukande behov for vedlikehald av bygg og store straumutgifter. Med stadig færre barn blir utgifter pr. barn etter kvart urimeleg høge. Det er derfor lagt inn prosjektmidlar til arbeidet med å kartlegge kommunale bygg.

Når det gjeld elevtal, vil det halde seg på omrent same nivå i heile økonomiplanperioden.

Levekår, kultur og friviljug sektor

"**Leve hele livet**" er ein kvalitetsreform for eldre som trådde i kraft 1. januar 2019. Målet er at alle eldre skal få betre hjelp og støtte til å mestre livet. Reforma handlar om dei grunnleggjande tinga som oftast sviktar i tilbodet til eldre. Det er skissert ei innføringsperiode på 5 år. Kommunen skal kartlegge eigne behov og utfordringar gjennom politisk forankring og involvering av innbyggjarar og brukarar. Det er fem innsatsområde i reforma:

- 1) Etablere aldersvennlege samfunn og nytte dei ressursane eldre har for å delta og bidra
- 2) Legge til rette for auka aktivitet, gode opplevingar og fellesskap
- 3) Skape gode mat- og måltidsopplevingar

- 4) God helsehjelp gjennom kvardagsmeistring, proaktive tenester, målretta bruk av fysisk trening, miljøbehandling og systematisk kartlegging og oppfølging.
- 5) Samanheng i tenesteytinga ut frå brukar sitt behov, avlasting og støtte til pårørande, færre å forhalde seg til og auka kontinuitet, mjukare og planlagde overgangar i helsehjelpa

Kommunen er godt i gang med reforma og skal omstille seg i tråd med denne. Reforma vil integrerast i revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel og utarbeiding av strategisk plan for helse og omsorgstenester som er planlagd gjennomført i 2021-2022. Folkehelseoversikta er revidert hausten 2020 og er med inn som eit av grunnlaga for revisjonen.

Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal skal utløye brukarorientert innovasjon i kommunale tenester, næringsliv og friviljug sektor. Prosjektet skal ta initiativ til, koordinere og understøtte utviklings- og innovasjonsprosjekt der kommunane blir kopla mot forsking-, utdannings- og utviklingsmiljø, næringsliv, friviljug sektor og verkemiddelapparatet.

I tillegg skal prosjektet formidle resultat av andre sitt innovasjonsarbeid, aktuelle utdanningstilbod og relevant kompetanse, samt bygge nettverk innafor regionen og mot samarbeidspartnarar utanfor regionen. Samla skal dette bidra til å skape kultur for nyskaping og styrke evna og viljen til omstilling i kommunen og lokalsamfunnet. For å lykkast, føreset det at innovasjons- og endringsarbeidet er forankra i fyrstelina i den kommunale organisasjonen og med synleg støtte frå politisk og administrativ leiing.

Kommunane ved Regionrådet har inngått forpliktande samarbeidsavtaler med NTNU og Innlandet fylkeskommune. Prosjektet blir finansiert av fondsmidlar i regionsamarbeidet, tilskot frå fylkeskommunen og med eigeninnsats frå NTNU, KS Innlandet og HelseInn. Prosjektperioden går fram til og med 2023. I denne perioden skal det kvart år startast 24 delprosjekt og direkte eller indirekte skapast 300 nye arbeidsplassar i offentleg og privat sektor.

Planlagt **leiarutvikling** med fokus på samskaping har som føremål å skape innovasjon. Det er lagt opp til at 25 leiarar skal delta, der både tenesteleiarar, avdelingsleiarar og fagleiarar blir prioritert. Det blir teke utgangspunkt i oppgåvene som er definert i økonomiplanen, der enkelte av satsingane blir konkrete oppgåver for gjennomføring gjennom leiarutviklinga. Dersom nokre av desse prosjekta har overføringsverdi til andre kommunar i regionen, blir dette kopla opp mot prosjektet Universitetsregion Nord-Gudbrandsdal. Målet med leiarprogrammet er utvikling av ei såkalla aksjonsleiing, der nyskaping blir ei konkret oppgåve. Høgskulen i innlandet (HIN) skal gjennomføre dette som eit kompetansehevande tiltak på mastergradsnivå, med stor vekt på innovasjon. Programleiing vil bestå av tre representantar frå høgskulen og administrasjonssjefen.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-30-20192020/id2715113/?ch=1>

Lom folkebibliotek har i ei årrekke jobba aktivt med litteraturformidling og har opparbeidd seg ein posisjon som eitt av dei leiande biblioteka i landet på dette. Biblioteket vil fortsetja å nytte kompetansen og erfaringa det har fått innan formidling og vidareutvikle dette.

Biblioteket har ei målsetjing om å vera **bibliotek frå vogge til grav**. Til nå har litteraturformidlinga som biblioteket har drive i Lom i stor grad dreia seg om formidling for elevar i grunnskulen i Lom. I den kommande økonomiplanperioden vil biblioteket jobbe for å nå ein større del av innbyggjarane. Folkehelseperspektivet blir viktig i den samanhengen.

Biblioteket skal ha ein sentral posisjon i **folkehelsearbeidet** i kommunen, og skal jobbe førebyggjande for å motverke einsemd, passivitet og sosial tilbaketrekkning og ynskjer å gje folk i alle aldrar gode opplevingar knytt til litteratur.

For å leve opp til mottoet om å vere eit bibliotek frå vogge til grav blir samarbeidet med skular og barnehagar vidareført på det nivået som ressursane til biblioteket tillet. Vidare skal det vere eit utstrakt samarbeid om litteraturformidling på tvers av alle dei kommunale tenesteområda.

Friviljugsentralen og friviljuge lag og organisasjonar blir inviterte til å delta i denne førebyggjande satsinga.

Arbeidet med eit Diktarhus i Lom er lagt på is, men **samarbeidet med Nynorsk kultursentrum** held fram. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som ser på om det er mogleg å opprette ei stilling knytt til Lom folkebibliotek i samarbeid med Skjåk kommune, Vågå kommune og Nynorsk kultursentrum. Formidling av nynorsk litteratur og styrking av nynorsken sin posisjon i bygdene, regionen og på Austlandet, vil bli ei kjerneoppgåve for ein tilsett i stillinga.

Lom folkebibliotek vil drive bibliotekutvikling gjennom deltaking i **eksternt initierte og finansierte prosjekt**. Biblioteket har fått lovnad om 60 000 kr frå Stiftelsen Fritt Ord til prosjektet *Pengane og livet* i 2021 og 2022. Dette er eit samarbeidsprosjekt med Skjåk folkebibliotek. Sentralt i prosjektet står formidling av litteratur om økonomi og pengar, folkeopplysing med ulike innfallsinklar til temaet, temakveldar, forfattarbesøk og debattar.

Lom folkebibliotek skal vidareutviklast til å bli ein sentral og triveleg **møteplass i bygda**, der folk i alle aldrar kan treffast. Det blir arbeidd for å etablere ein liten bokcaf  og eit lite utsal med lokal litteratur i tilknyting til biblioteket.

Kultur har ein viktig plass i folkehelseperspektivet og er viktig i alle livsfasar. **Kulturskulen** skal difor vere eit ressurssenter med kompetanse som kan brukast i alle sektorar i kommunen. Kulturskulen st r også for oppl ring innan kunst- og kulturfag for ulike aldersgrupper og det overordna m let er

at undervisninga på kulturskulen, saman med resten av utdanningsløpet, skal bygge born og unge si estetiske, sosiale og kulturelle kompetanse. Kulturskulen skal ta ivare både breidde og talent, og vere ein arena for å prøve seg fram og fordjupe seg i det ein har interesse for.

Friviljugsentralen er eit viktig knutepunkt og eit bindeledd mellom dei som ynskjer å yte ein uløna innsats i nærmiljøet. Friviljugsentralen i Lom skal fungere som ein møteplass og brubyggjar mellom menneske, friviljuge organisasjonar, samanslutningar og det offentlege. Friviljugsentralen har eit ønskje om å gje fleire høve til å delta på arrangement i bygda, heve statusen til dei friviljuge, å vera eit supplement til offentleg verksemd. Samskaping mellom friviljuge og kommunen er ei viktig satsing for å motverke utanforskap og auka aktivitet for meistring i alle aldrar. Som eit ledd i folkehelsearbeidet, er det eit mål om å vidareutvikle dette. Kompetanseheving innanfor digitale verkty kan vere eksempel på eit slik tiltak.

"**Smart velferdsregion Nord-Gudbrandsdal**" har som hovudmål at innbyggjarane i regionen, uavhengig av alder, funksjonsnedsetting eller bustad, skal motta etablerte velferdsteknologienester der tiltaket er vurdert til auka meistring og tryggheit. **Digi-venn** er ein del av dette prosjektet og er ein opplæringsmodell der ungdom rettleiar eldre for å styrke deira digitale kompetanse. Modellen vektlegg sosiale møteplassar på tvers av generasjonar, digital kvardagskompetanse og digital helsekompetanse. Dette er eit samarbeid med Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule og Karriere Oppland Gudbrandsdal.

Utgard er storstova i Lom. Saman med idrettsanlegget i Grov utgjer kultursalen og idrettshallen den største samlingsplassen for kultur- og idrettsarrangement i Lom. Aktivitetstilbodet i Utgard skal famne breitt og nå ut til mange. Det er eit mål at alle innbyggjarane i Lom gjennom året skal ha vore ein tur innom Utgard på ein eller annan aktivitet. Utgard skal vere eit samlingspunkt på tvers av generasjonar der folk føler seg heime og trivst.

Samarbeidet med Bygdekinoen og Teater Innlandet er ryggraden i underhaldningstilbodet i Utgard, og skal vidareførast i økonomiplanperioden. Folkemusikk står sterkt i regionen vår og i 2021 vil Utgard samarbeide med lokale aktørar for å etablere ein konsertserie for folkemusikk.

Utgard skal fyrst og fremst vere ein arena for folk i Lom, men kommunen har ambisjonar om at Utgard også skal vere ein attraktiv scene for eit større publikum i regionen. Det skal i økonomiplanperioden satsast på nokre store arrangement både for ungdom og vaksne der målet er å trekke publikum frå eit større omland.

"Samfunnshuset – middag for ein hundrings" er eit lågterskeltilbod for innbyggjarane i Lom med ambisjon om å vere ein sosial møteplass for alle. Konseptet vart prøvd ut nokre gonger i 2019, og i 2021 vil dette bli etablert som eit fast tilbod i Utgard.

Utgard har utstrakt samarbeid med lokale lag og organisasjonar og legg til rette for treningar og øvingar og anna aktivitet gjennom veka. Det er eit mål i økonomiplanperioden å utdjupe og forsterke friviljug sektor sitt eigarskap til Utgard og stadig legge betre til rette for bruk.

"Leve heile livet" er ein kvalitetsreform for eldre som vil sette fokus på dei mest grunnleggande tinga i livet, som ofte sviktar i eldreomsorga; mellom anna mat, aktivitet og fellesskap. Kommunen har ambisjon om at Utgard i åra framover skal vere arena for aktivitetar som bygger opp under måla i denne reforma.

Friluftsliv

Friluftsliv skal sjåast i samanheng med folkehelse som har eit overordna fokus i all planlegging.

Tilrettelegging for bruk av friluftsområder er eit tiltak som skal prioriterast gjennom universell utforming og merking av turstigar. Kommunen har eit godt samarbeid med fleire lag og foreiningar på tilrettelegging for bruk av friluftsområder. Fleire av desse aktørane har fått støtte frå kommunen gjennom idrettsmidlar og/eller Tessefondet.

Kommunen skal jobbe for å **halde i hevd friluftskvalitetane** ved å auke kunnskapen om friluftsliv hos barn og unge i barnehage og skule. Friluftsområder er gratis og tilgjengeleg for alle og treng brukarar som er bevisste verdiane og tek vare på desse. Lom har kompetansesenter som bidreg med å auke kunnskapen om friluftsliv og kulturarv hos barn og unge gjennom etablert samarbeid med kommunen. Kommunen vil i 2021 jobbe for å utvide samarbeidet i tråd med intensjonane i kvalitetsreforma **"Leve hele livet"** og satsinga på aktivitetstilbod for seniorar og eldre. Lom kommune jobbar aktivt for å realisere ei landsline for fjellfriluftsliv knytt til Nord-Gudbrandsdal vidaregåande skule, avdeling Lom.

Gjennom **Lom nasjonalparklandsby** har kommunen sett opp ei rekke informasjonstavler i sentrum og det er laga ein kulturstig til Skutlan. Dette krev vedlikehald og oppgradering med jamne mellomrom. Kvart år blir det trykt opp ca. 10 000 foturbrosjyrar som er gratis tilgjengeleg for både lokalbefolking og besökande. Kommunen har i samband med dette eit ansvar for mange grunneigaravtaler som vart inngått i samband med oppgradering av stignettet i 2018.

I 2021 vil det bli gjennomført tiltak rundt turstigen til Lomseggen, der trafikken har auka mykje dei

siste åra. Dette vil primært bli dekt med infrastrukturmidlane frå fylkeskommunen, som nemnt under næringsutvikling.

Med tre nasjonalparkar og store fjellområde er naturlegvis DNT også ein sentral aktør, primært med stigtilrettelegging. I 2021 vil Lom kommune delta i ei referansegruppe for å jobbe fram ein besøksstrategi for Besseggen, som skal leie fram til at det blir autorisert som nasjonal turiststig. Dette som ein del i tiltak for **kartlegging av friluftsområder med omsyn til verdi og kvalitet**.

Lom kommune har hausten 2020 fått tilbod om ei **dagsturhytte**. Målet er at alle kommunane i Innlandet skal ha sett opp ei dagsturhytte innan 2025. Prosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen, Sparebankstiftelsen DNB og Sparebankstiftelsen Hedmark, kommunane i Innlandet, friviljuge organisasjonar og grunneigarar. Formålet er å etablere ei dagsturhytte som er lett tilgjengeleg og som stimulerer til auka bruk av nærfri luftslivet. Denne prosessen vart starta opp i 2020. Det blir lagt til grunn at vidare arbeid skal sikre god involvering av innbyggjarane, der også framtidig arbeid med vedlikehald må drøftas.

2.2 Næring og samfunn

Delmål i kommuneplanen sin samfunnsdel

- Oppretthalde landbruket som sysselsettar og berebjelke i kommunen. Auke interesse og oppslutting om vidareføring av tradisjonane Lom har i næringa og samtidig ivareta jordvernet.
- Lom skal vera ein attraktiv reiselivsdestinasjon og handelsstad også i framtida, og utviklast som arrangementsstad.
- Arbeidsplassar knytt til bygg, anlegg, industri og transport skal utviklast og takast vare på.
- Det skal stimulerast til nyetableringar og ungt entreprenørskap.
- Kommunen ønskjer å behalde spreitt busetnad, og må legge til rette for at denne kan oppretthaldast samtidig som trafikktryggleiken er tilstrekkeleg i heile kommunen.
- Innbyggjarane i Lom kommune skal ha ein plass å bu. Det skal tilretteleggjast for fleire fritidsbustadar i kommunen, og flest mogleg skal ha tilgjenge til gode IKT-løysingar.

Landbruk

I 2018 gjekk kommunane Lom og Skjåk inn avtale om felles landbrukskontor. Kontoret har hovudbase i Skjåk, men det er framleis mogleg for gardbrukarane å få hjelp på kommunehuset i Lom. Avdelinga er tillagt dei statleg pålagde landbruksforvaltningsoppgåvene som i periodar krev mykje

arbeidsinnsats, mellom anna til å få inn og kontrollere søknadar om produksjonstilskot, sakshandsaming av SMIL tilskotsaker, osv. Det er høg landbruksfagleg kompetanse i avdelinga. Viktige verkemiddel for landbruket generelt er støtte frå næringsfond, hjelp til søknad til Innovasjon Norge, og ei fagleg god landbruksforvalting i kommunen.

Det må vere eit felles mål å bremse nedlegginga av aktive bruk og stimulere til rekruttering i landbruket. Dette er ei viktig næring som skaffar kommunen mykje ressursar og verdiar gjennom eit år. Sidan årtusenskifte har tal på bruk omlag halvert seg, men det har vore ei god satsing på mjølkeproduksjonen i Lom. Det har vore bygd fleire moderne fjøs med mjølkerobot, dette gjer kvardagen for brukarane friare. Dette gjer det nok lettare å få til generasjonsskifte på bruca. Dette er derimot ikkje løysinga for alle. Lom kommune kan bidra med eit aktivt landbrukskontor som er med og motiverer, rettleiar og hjelp til med å løyse diverse byråkrati og digitaliserte ordningar. Det er forventa at digitalisering i forvaltinga skal føre til rasjonell tenesteyting.

Eit eksempel på dette kan vere fleire prosjekt som "Laus ku og framtidstru". Dette er eit prosjekt der landbrukskontoret har teke tak i problemstillinga umoderne driftsbygninga og generasjonsskifte. 40 gardar i Lom og Skjåk har meldt seg på prosjektet. Målet er å bidra med rådgjevarimar, studieturar og opne dagar for å bli inspirert til å tenke langsiktig i drifta og gjerne saman med komande generasjon. Dette kan gjere at gardbrukarane er førebudde på lausdriftskravet som kjem i 2034, og legge grunnlaget for at det vert gjort gode avgjersler i tida fram til da.

Næringsutvikling

I økonomiplanperioden skal Lom kommune ha fokus på å vere ein **næringsvenleg kommune** som det er attraktivt å bu i. For å lykkast med det må kommunen mellom anna samhandle godt på tvers av sektorar, vere løysningsorienterte og snu seg raskt rundt ved behov. Kommunen må vere ein ansvarleg innkjøpar som utnyttar det handlingsrommet som er mogleg for lokalt næringsliv. I 2021 skal det gjennomførast ei spørjeundersøking ut mot bedriftene, for å avklare forventningar og forbetringspotensial.

Lom kommune har inngått eit nytt partnerskap med **Skåppå AS** i perioden 2021-2023. Dette gir kommunen auka handlingsrom for å styrke eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar. Det er eit mål om enda tettare samarbeid i tida framover, både med Skåppå, Visit Jotunheimen og nabokommunane våre. Det overordna målet er å stabilisere eller auke talet på arbeidsplassar i Lom. Det vil bli arrangert regionale etableringskurs i 2021. Dette vil gi eit betre tilbod til nyetablerarar.

Kommunen har eit opplegg knytt til **Ungt Entreprenørskap** for både barneskule og ungdomsskule som vil halde fram i økonomiplanperioden. Målet er å oppmøde den framtidige generasjonen til å skape sin eigen arbeidsplass. I framtida er det ynskjeleg å legge til rette for fleire digitale arbeidsplassar i Lom. I den anledning er det positivt at det no er fleire teknologiarbeidsplassar på gang, og at det ligg føre planar om å bygge ein HUB (kontorfellesskap) i privat regi på Nilsbue i 2021.

Næringsutvikling og sentrumsutvikling heng tett i hop. Kommunen fekk tilført **stadsutviklingsmidlar** frå gamle Oppland fylke til infrastrukturtiltak, til dømes bygging av ny parkeringsplass på Klokkgardtomta. Tiltaksplanen skal fullførast og rapporterast i 2021.

Lom er eitt av fem sentrum i landet som har status som **nasjonalparklandsby**. Kvart år blir det utarbeidd tiltaksplanar og søknadar, med Landsbyrådet som arbeidsgruppe og formannskapet som styringsgruppe. Dei tiltaka som får ekstern støtte blir gjennomført. I 2020 har det vore jobba mykje med **eldhus i Presthaugen**, forprosjektet "Turisme for alle" og produksjon av marknadsføringsvideo. Arbeidet med eldhuset held fram i 2021, føresett at finansieringa kjem på plass.

Både **sysselsettingstala og folketalet går ned** i Lom, og det hastar å få snudd trenden. Dette er eit løft kommunen ikkje klarer aleine, og kommunen ynskjer å vere ein aktiv part i tett samarbeid med lokalbefolkning, næringsliv og friviljug sektor. Bedriftsbesøk vil bli prioritert i økonomiplanperioden, og kommunen vil arrangere næringspubar og frukostmøter for å skape gode møteplassar, der målet er å bli betre kjent, inspirert og informert. Lom næringsforum, nyheitsbrev, webinar og heimesida vil bli brukt aktivt i informasjonsarbeidet mot næringslivet.

Lom kommune ynskjer å satse på eit meir systematisk **tilflyttingsarbeid**. Det er lagt inn auke i driftsutgiftene med kr. 50 000, som blir finansiert frå næringsfondet i 2021. Ein viktig del av arbeidet blir eit samarbeid, med til dømes Visit Jotunheimen, der vi bruker treffpunktet med turistane meir aktivt for å vise Lom som ein etteraktivt bustadskommune. Dei politiske utvala vil vere tett knytt til dette prosjektet. Andre aktuelle tiltak kan vere sosiale treff, gáve til alle nyfødde og velkomstbrev til nye innbyggjarar. Vidare vil kommunen ta del i regionale satsingar slik som til dømes det årlege stillingssleppet.

Det er viktig å støtte næringslivet gjennom **koronapandemien**. Korona har prega store deler av næringsarbeidet i 2020, og det er grunn til å tru at det vil prege 2021 på tilsvarende måte. Særleg reiseliv og kultur har vore hardt ramma, noko som gir ringverknadar til andre bransjar. Utviklinga av pandemien er uforutsigbar, og tiltaka frå kommunen må vurderast kontinuerleg.

Årleg avsetning på næringsfondet ligg på rundt 4,8 millionar. Lom er heldig som har eit relativt romsleg næringsfond som kan brukast til å støtte opp om prioriterte satsingar. Samtidig er det ei

utfordring at årleg avsetting er relativt stabil, mens "faste løyvingar" frå fondet aukar i tråd med den generelle pris- og lønsauka. Både næringskontor, regionkontor og delar av landbrukskontor er dekt gjennom næringsfondmidlane. Bruken av fondet er regulert gjennom vedtekten og retningslinjene for tildeling. Retningslinjene i næringsfondet skal i løpet av 2021 reviderast. Kommunen skal bidra til å auke tilskotsmidlar til næringslivet gjennom søknadar i ulike eksterne ordningar.

Sysselsetting

Arbeidstreningsenteret ATS – Dei Gode Hjelparane Lom og Skjåk er ei felles sysselsettingsgruppe som skal legge til rette for arbeidstrenings, praksisplassar, språkpraksisplassar og sosialisering. Basen er på Ånstad i Skjåk og med avdeling i Eggjalia i Lom. Talet på sysselsette i gruppa vil variere over tid. Pr. 26.10.2020 var det 8 personar på ulike arbeidsretta tiltak. Det er og opna for at pensjonistar som framleis ynskjer å vere aktive, har et tilbod på dette i gruppa. Utviding av aktivitetar til gruppa, både med jobbar og med varesortimentet i butikken, er eit arbeid som går kontinuerleg. Det er behov for å auke omsettinga i sysselsettingsgruppa, og det er nødvendig å vurdere eventuelle endringar i oppgåveporteføljen. Det er 2 tilsette i gruppa, med leiar på Ånstad og avdelingsleiar i Eggjalia.

Kvalifiseringsprogrammet er eit tilbod for dei mellom 18 og 67 år som ønskjer å kome i arbeid, men treng oppfølging og arbeidstrenings for å klare det. Målet med programmet er at ein skal få den oppfølginga ein treng for å kome i arbeid eller aktivitet. Det er NAV som tildeler kvalifiseringsstønad etter fastsette kriterier.

NAV Lom og Skjåk har initiert og fått statlege midlar til utviklingsprosjektet "**Levele**". Målsettinga med prosjektet er å styrke økonomisk rådgjeving og rettleiing til personar som har, eller står i fare for å få, økonomiske problem.

[Transportplanlegging, tettstadsutvikling og bustadbehov](#)

I dei nasjonale forventningane til den kommunale planlegginga peikar regjeringa på at det er viktig å samordne bustad-, areal- og transportplanlegginga mellom anna av omsyn til å redusere klimagassutslepp, tilpasse samfunnet til klimaendringane, skape sosialt berekraftige samfunn og redusere nedbygginga av dyrka mark og natur. I Lom har det skjedd ei sentralisering inn mot **kommunesenteret Fossbergom** der tenestetilboda har vorte samla, og der det meste av ny bustadbygging har skjedd. Denne utviklinga har i vesentleg grad skjedd etter politiske vedtak i kommunen, og må seiast å vere i tråd med den sentrale målsettinga over. Konsentrasjon av arbeidsplassar, tenestetilbod og busetting, vil vere gunstig av klimaomsyn.

I arbeidet med revisjonen av **kommunedelplanen for Fossbergom** er det lagt opp til ein ytterlegare tilrettelegging for utbygging og fortetting i sentrumsområdet. Dette er i tråd med samfunnsdelen til kommuneplanen som har ei målsetting om eit kompakt sentrum som tek vare på dei verdiar som eksisterer i dag, og som samtidig legg opp til at ein skal opne for endringar av sentrumsbiletet i framtida.

Stadig vedlikehald og utvikling er viktig for å halde på kvalitetane ved Fossbergom som kommunesenter. Vi har fleire mindre tettstader i kommunen, og i 2021 skal det leggjast fram ein enkel plan for vedlikehald og utvikling både i Fossbergom, i Garmo og på Galdesand

På Fossbergom er det gjennom vedtak av kommunedelplanen, forholdsvis god tilgang på **utbyggingsareal for bustadar**. Områda er for ein stor del ikkje detaljregulerte, og berre mindre areal er opparbeidd med veg, vatn og avlaup. Som følgje av vedtak av kommunedelplanen, vert det opna for at det kan skje detaljplanlegging og klargjering av områda for utbygging. I forslag til revisjon av arealdelen av kommuneplan, er det avlagt nye eller vidareført areal for bustadbygging i mindre felt i grendene. I Garmo har det vore sett i gong detaljregulering for nye bustadar inntil eksisterande bustadfelt i Frisvollskogen i privat regi. Dette arbeidet har stoppa opp, slik at kommunen ser på om det må takast initiativ for å regulere bustadtomter innafor areal avsett i kommuneplanen.

I kommuneplanen sin samfunnsdel er det eit overordna mål at kommunen ønskjer å behalde spreitt busetnad, og at denne må oppretthaldast samtidig som **trafikktryggleiken** er tilstrekkeleg i heile kommunen. Organisering av arbeidet må vurderast, da tidlegare nedsett utval er opphøyd. I og med at skulen er centralisert til Fossbergom, har elevane ute i grendene skuleskyss. I grendesentra er det i stor grad gang- og sykkelvegar fram til sentrale busshaldeplassar, medan elevane i meir spreitt busette område må ferdast langs trafikkert veg utan skilje mellom køyrety og myke trafikkantar. I slike område er det ofte vanskeleg og kostbart å betre forholda med fysiske tiltak, slik at ein ofte må søkje å betre trafikktryggleiken ved andre tiltak og ordningar. I arbeidet med revisjon av kommuneplanen sin arealDEL blir det ikkje føreslege særskilte nye område for **spreidd bustadbygging**. Erfaringa tilseier at det er vanskeleg å treffe med slike område, og at søker om spreidd utbygging likevel kjem utanom dei felta som har vore avsett.

I og kring tettstaden Fossbergom er det etter kvart eit godt utbygd nett av **gang- og sykkelvegar**, men det hadde vore ønskjeleg at dette strakk seg lenger ut, spesielt av omsyn til at ungane skal ha trygg skuleveg. Kommunen har ein **trafikktryggleiksplan**, som blir følgt opp med årlege handlingsplanar. Arbeid for trygge skulevegar er her eit sentralt element. Kommunen fekk i 2018 status som trafikksikker kommune. For Fosstuguområdet er det godkjent plan for ny kollektivterminal som vil medføre klare forbeteringar for trafikktryggleiken og trafikkavviklinga for bussar inn og ut av

sentrumsområdet og for andre trafikantar. Den fysiske tilrettelegginga av området i medhald av planen, skjer i regi av Oppland fylkeskommune og er planlagt gjennomført i 2022. Kommunen arbeider for at det skal skje raskare.

Lom kommune har som mål å leggje til rette fleire område for utbygging av hytter og **fritidsbustadar**. I arbeidet med revisjon av kommuneplanens arealdel, jobbar kommunen med fleire innspeil om nye hytteområde. For fleire av områda er det registrert konfliktar i samband med landbruksnæring og naturverdiar, og det kan derfor vere aktuelt å jobbe fram alternativ som kan vere mindre konfliktfylte. Kommunen kan her ta ei aktiv rolle for å få tilrettelagt utbyggingsområde.

Det er nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel at kommunen skal ha nok tilgjengelege **kommunale bustadar** etter behov til ei kvar tid. I dag er situasjonen at kommunen sit på fleire bustadar enn ønskjeleg. Fleire bustadar har stått tome på grunn av at dei har vore øyremerkte som bustadar for flyktningar, medan andre har vedlikehaldsbehov. Ein finn det derfor ikkje tenleg å planlegge for nye kommunale bustadar i planperioden.

Vedlikehald av kommunale bygg er vidareført på same nivå i 2021 som i 2020. Arbeidet med å dokumentere bygg og vedlikehaldsbehov skal ha høg prioritet i 2021. Målet er at dokumentasjon skal vere grunnlag for å vurdere total bygningsmasse, bruk og vedlikehald gjennom planperioden. Det kan vere at enkelte tiltak er av ein slik art at det må gjennomførast tiltak før rullering av økonomiplanen. Kommunestyret skal haldast orientert om status i arbeidet gjennom tertialrapportering.

Krav til eigenfinansiering av **investeringar** er skjerpa gjennom ny kommunelov. **Sal av eigedommar** er difor lagt inn med 2 mill. kroner årleg. Driftskonsekvensen av dette skal gje større prioritering til **vedlikehald** av eksisterande bygningsmasse.

Lom kommune har ei målsetting om at innbyggjarane skal ha tilgjenge til gode IKT-løysingar. Kommunane i Nord-Gudbrandsdal (regionrådet) har signert avtale med Eidsiva Breiband om **fiberutbygging** i regionen. Det er Skjåk Energi Nett og Eidefoss Nett som står for gjennomføringa av fiberutbygginga.

2.3 Klima og miljø

Delmål i kommuneplanen sin samfunnsdel

- Innarbeide miljø- og naturforvaltingsomsyn på alle felt i den kommunale planlegginga og verksemda.
- Optimal sikkerheit på alle områder det er mogleg.
- Registrere nyare kulturminne i kommunen.
- God og framtidsretta areal- og ressursforvalting, forankra gjennom arealstrategiar i kommuneplanen sin arealdel.
- Optimal vasskvalitet i kommunen som tilfredsstillar dei krav som til ein kvar tid eksisterer på nasjonalt nivå, og følgje regionalt overvåkingsprogram for vassregion Glomma.

Klima

Som følgje av klimaendringar er det forventa meir nedbør og auka fare for flaum og skred. Fokus på klimautvikling og miljøforbetring i den kommunale planlegginga er viktig for at kommunen skal ha ei berekraftig og framtidsretta arealdisponering. Kommunen må derfor fortsatt setje av nødvendige ressursar til kartlegging av flaum- og skredfare, og til planlegging og gjennomføring av nødvendige tiltak. Kommunen fekk i 2020 gjennomført flaumsonekartlegging for Bøvre gjennom Fossbergom, denne viser at m.a. bustadar i Lykkja er utsett for flaumfare. **Prosjektering av flaumførebyggande tiltak** her bør prioriterast – det er sendt søknad til NVE om bistand, om Lom kommune får positivt svar på denne søknaden må det forventast eigenandel (distriktsandel) på kostnaden. Gjennomføring av tiltaka vil medføre kostnadseffekt i seinare i planperioden. Dette er førebels ikkje lagt inn i talgrunnlaget.

Klima- og energiplanen for Lom kommune vart vedteken i 2010, og er moden for revisjon. Statlege og regionale planmyndigheter har klare forventningar om at kommunane prioritærer revisjon av dette planverket. Kommuneplanens samfunnsdel nemner mange eksempel på tiltak som kan vere aktuelle for å oppnå lågare energiforbruk og reduserte klimautslepp i Lom. Ein **revidert klima- og energiplan** vil gje grunnlag for utforming av gode tiltak og verkemiddel retta mot innbyggjarane i kommunen, og for klimatiltak retta mot kommunen sin eigen bygningsmasse og aktivitet. Det vart varsla oppstart av felles revisjon av klima- og energiplanane for Lom, Skjåk og Vågå i desember 2017. Planen skal i følgje framlegget til planstrategi for Lom 2020-23 ferdigstilla i 2021.

Beredskap og samfunnstryggleik

Innbyggjarane i kommunen skal føle seg trygge, og det er viktig å gje befolkninga størst mogleg **sikkerheit for helse, liv og velferd**. Dette er ei prioritert oppgåve for Lom kommune. Det overordna målet er optimal sikkerheit på alle område det er mogleg.

I 2019 vart det etablert felleskontor for Lom og Skjåk for plan, byggesak og miljø. Felleskontoret har hovudansvar for planlegging og samordning av flaum og skredfarekartlegging i kommunen. Frå 2020 er **felles beredskapskoordinator for Lom og Skjåk** med ansvar for beredskapsplanverket lagt inn under felleskontoret.

Kartlegging av naturfarar knytt til flaum og skred er ei prioritert oppgåve. Flaumsoner kring nedre del av Bøvra ved Fossbergom er kartlagt og det kan bli aktuelt å utføre fleire kartleggingar andre stadar framover. Det skal setjast krav om konsekvensutgreingar ved planlegging av tiltak som kan vere flaumutsette.

Kartlegging av skogen si betyding som vern mot skred vil få auka fokus. I område med skredfare kan omsynsfull skjøtsel av skogen redusere risikoen for naturskade. **Kartlegging og vurdering av verneskog** er blant anna aktuelt i området ovafor Ulstad.

Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile vernetiltak og sivilforsvaret pålegg kommunen å utarbeide ein overordna (sektorovergripande) risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). **Overordna felles ROS for kommunane i Nord-Gudbrandsdalen** vart utarbeidd i 2015 gjennom 6K samarbeidet. Det skal no utarbeidast ein ny felles ROS analyse. Arbeidet med ny felles ROS analyse vart begynt vinteren 2020.

Overordna beredskapsplan for Lom er basert på felles regional ROS analyse. Kommunens beredskapsplanverk skal reviderast ein gong i året. Kommunen har som mål at dei til ei kvar tid skal ha aktuelle og oppdaterte beredskapsplanar.

Naturmangfold og kulturminne

For at areal og ressursar skal takast vare på for framtidige generasjonar er det nødvendig med ei god balanse mellom bruk og vern. Naturmangfaldlova omfattar all natur og lova står sentralt for alle sektorar som forvaltar naturmangfold, eller som tek avgjerder som har konsekvensar for naturmangfaldet. Kommunane har eit sjølvstendig ansvar for å **sikre berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet**, ved m.a. å ta nødvendige omsyn til artar og naturverdiar i communal planlegging.

Det har i ei tid vore gjennomført registreringar som skal munne ut i ein **temaplan for kulturminne** i Lom kommune. Det er ønskje om å prioritere verneverdige kulturminne frå nyare tid i dette arbeidet, jamfør delmål under punkt 6.2 i kommuneplanens samfunnsdel. Eit type kulturminne som er spesielt viktig i Nord-Gudbrandsdalen er kunstig vatning og vassvegar. Gamle vegfar er òg eit tema som kommunen ønskjer å ha fokus på, og som det tidlegare er gjort få registreringar på i Lom.

Temaplanen skal i følgje framlegget til planstrategi 2020-23 ferdigstilla innan 2022.

Vasskvalitet

Regional plan for vassforvalting med tilhøyrande tiltaksprogram for vassregion Glomma for åra 2016-2021 skal reviderast og oppdaterast for ny planperiode 2022-2027. Klima og miljødepartementet har lagt nasjonale føringer for dette arbeidet for dei enkelte sektorar og tema.

For avlaup dreiar dette seg om at kommunane skal kartleggje og følgje opp utslepp frå avløpsanlegg dei har myndighet for. Dette er alle avlaupsanlegg etter kapittel 12 og 13 i forureiningsforskrift, for Lom kommune ca. 500 anlegg. Lom kommune har gjennomført første gongs tilsyn av alle desse anlegga. Vidare oppfølging av dette myndighetsområdet vil bli satsingsområde gjennom økonomiplanperioden. Det er målsetting om at alle anlegg skal oppfylle gjeldande reinsekrav innan 2027. Dette er i tråd med samfunnsdelen til kommuneplanen for Lom kommune. Ressursbehov vil bli kartlagt ved utarbeiding av nytt tiltaksprogram- handlingsplan.

For vassforsyning er det fokusert på å sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekommstar. Vidare at vassførekommstar som er identifisert som drikkevasskjelder skal vernast særskilt slik at vasskvaliteten ikkje blir därlegare. Utbrot av sjukdom med årsak i vassbåren smitte skal ha låg sannsyn og konsekvens.

Lom kommune har god standard på reinseanlegg og vassverk med tilhøyrande utestasjonar som pumpestasjonar og høgdebasseng. Det er ikkje etterslep på vedlikehald av desse anlegga.

For vidare utvikling av område for vatn og avlaup vil det i økonomiplanperioden bli prioritert oppfølging av leidningsnettet. Det er utført arbeid i 2020 med å kartleggje lekkasjenivå på vatn og avlaupsnettet. Dette er ein del av grunnlaget når det i 2021 skal utarbeidast ein saneringsplan med handlingsprogram for å prioritere utskifting av kummar og leidningar. Det vil vidare utover i økonomiplanperioden bli starta anleggstiltak med utskifting av leidningsnettet. Dette arbeidet er i tråd med regional plan for vassforvalting og samfunnsdelen til kommuneplanen for Lom kommune.

3. Planstrategi og planarbeid 2021

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien er retningsgjevande for den kommunale planlegginga, og har ingen direkte rettsverknad for innbyggjarane. Det kan heller ikkje setjast fram motsegn mot ein communal planstrategi, men statlege og regionale styresmakter har høve til å påpeike forhold som ikkje er i tråd med overordna føringar, og gjennom dette varsle eventuelle motsegner når det gjeld arealplanarbeidet.

Kommunestyret vedtok i møte 24.11.20 sak 51/20 communal planstrategi 2020-2023.

Link til sak: <https://www.lom.kommune.no/tenester/plan-byggesak-brann-og-tekniske-tenester/plan/kommunal-planstrategi/>

I forslag til planstrategi er fylgjande prinsipp lyfta fram som førande for planarbeidet i Lom kommune:

1. Samfunnsdelen sin funksjon som styringsverktøy i plansystemet skal tilleggast stor vekt.
Kommunestyret skal bruke planen til å formulere og vedta overordna politiske mål og strategiar for kommunen og administrasjonen skal levere tenester som er i tråd med desse. Samfunnsdelen må vere oppdatert og skal som hovudregel rullerast kvar kommunestyreperiode.
2. Arealdelen skal vere underordna samfunnsdelen sine overordna prioriteringar og mål – arealdelen er samfunnsdelen sin arealrelevans.
3. Økonomiplanen skal vere handlingsdel til samfunnsdelen – økonomiplanen er samfunnsdelen sin økonomirelevans.
4. Det er eit mål å redusere talet på kommunedelplanar og temaplanar, og heller trekke mål og tiltak frå desse planane inn i samfunnsdelen og arealdelen.

Lom kommune skal revidere kommuneplanen sin samfunnsdel i inneverande kommunestyreperiode.

4. Interkommunalt samarbeid og tilskot til andre

Mottakar		2 020	2 021	Endring
Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap:				
Renovasjon		286 000	285 000	-1 000
Restavfall		1 863 000	1 755 000	-108 000
Miljøstasjon		519 000	519 000	0
Overføringer til Vågå kommune:				
Skatteoppkrevjar		233 000	0	-233 000
Arbeidsgjevarkontrollen		117 000	0	-117 000
Innkjøpskontor		200 000	270 000	70 000
Skogbruksjef		260 000	265 000	5 000
Tilsyn byggesak		176 000	125 000	-51 000
Overføring til Sel kommune:				
Barnevernsteneste, Sel, Vågå, Lom og Skjåk		3 661 000	2 852 000	-809 000
Nord-Gudbrandsdal lokalmedisinske senter(NGLMS):				
Jordmorvakt (2020 er salderte tal frå Sel)		45 000	44 000	-1 000
Legevakt (2020 er salderte tal frå Sel)		868 000	960 000	92 000
Legevaktvarsling (2020 er salderte tal frå Sel)		1 268 000	1 246 000	-22 000
Intermediære senger (2020 er salderte tal frå Sel)		890 000	1 339 000	449 000
KAD (2020 er salderte tal frå Sel)		392 000	479 000	87 000
Kreftkoordinator		222 000	0	-222 000
PPT		1 550 000	1 511 000	-39 000
Regiondata		2 031 000	2 167 000	136 000
Sekretariat for kontrollutval		110 000	114 000	4 000
Samarbeid med NAV - Gjeldsrådgjeving		131 000	131 000	0
Overføring til Lesja kommune				
Personvernombod		190 000	190 000	0
Overføring til Skjåk kommune:				
NAV Lom og Skjåk		1 386 000	1 400 000	14 000
Tildelingskontor		892 000	900 000	8 000
Lom og Skjåk brannvesen:				
Feiarvesen		479 000	491 000	12 000
Brannsyn		244 000	248 000	4 000
Brannvesen		1 727 000	1 684 000	-43 000
Overordna brann, m.m.		337 000	350 000	13 000
Sysselsettingsgruppe - samarbeid med Skjåk		355 000	366 000	11 000
Musikk- og kulturskule		2 006 000	1 940 000	-66 000
Landbrukskontor		1 222 000	1 240 000	18 000
Tilskot landbruk		500 000	500 000	0
IT-samarbeid med Skjåk kommune		974 000	920 000	-54 000
Andre ulike tilskot og kjøp av tenester				
Tilskot skogbruk		150 000	150 000	0
Regionrådet		396 000	447 000	51 000
Revisjon og kontrollutval		876 000	840 000	-36 000
Lom kyrklege råd		1 475 000	1 475 000	0
*I tillegg kjem overføringer for tenesteyting		313 000	360 000	47 000
Livssynsamfunn		20 000	0	-20 000
Gudbrandsdalsmusea AS jfr. avtale		185 000	185 000	0
Lom friviljugsentral ("Medsendt" frå Staten: 414 000)		450 000	0	-450 000
*I tillegg kjem tenesteyting		211 000	225 000	14 000
Samarbeid med krisesenter		160 000	165 000	5 000
Visit Jotunheimen		550 000	550 000	0
Bedriftshelseteneste, kjøp av tenester		135 000	100 000	-35 000
Organisasjonar og andre innan kultur		570 000	570 000	0
*Av dette øyremerka til idrett		450 000	450 000	0
Barn og unge - løvving		60 000	63 000	3 000
IKA oppland (interkommunalt arkiv)		90 000	90 000	0
Skåppå AS		25 000	40 000	15 000
Norges nasjonalparkkommuner		20 000	25 000	5 000
TOTALT		31 135 000	29 871 000	-1 264 000

5. Handlingsreglar for overordna økonomisk styring

Handlingsregel 1 Korrigert netto driftsresultat

Mål for korrigert netto driftsresultat er 2% av driftsinntektene. På bakgrunn av vesentlege inntektsreduksjonar, er det ikkje mogleg å oppnå målet på 2%

Økonomiplan legg opp til følgjande resultat i perioden 2021-2024:

- 2021:** 0,9% Avsett resultat med 2 mill. kroner til disposisjonsfond Utbytte, og 0,3 mill. kroner til disposisjonsfond.
- 2022:** 0,9% Avsett resultat med 2 mill. kroner til disposisjonsfond Utbytte, og 0,3 mill. kroner til disposisjonsfond.
- 2023:** 1% Avsett resultat med 2 mill. kroner til disposisjonsfond Utbytte, og 0,4 mill. kroner til disposisjonsfond.
- 2024:** 1,3% Avsett resultat med 2 mill. kroner til disposisjonsfond Utbytte, og 0,9 mill. kroner til disposisjonsfond.

Netto driftsresultat er korrigert for bundne fond.

Handlingsregel 2 Disposisjonsfond

Mål for disposisjonsfond er 10% av driftsinntektene.

Økonomiplan legg opp til følgjande resultat i perioden 2021-2024:

- 2021: 11,6%
- 2022: 12,8%
- 2023: 13,9%
- 2024: 15,2%

Handlingsregel 3 Netto lånegjeld

Mål for netto lånegjeld er at dette ikke skal overstige 65% av driftsinntektene.

Økonomiplan legg opp til følgjande resultat i perioden 2021-2024:

2021: 98%

2022: 97%

2023: 94%

2024: 91%

Netto lånegjeld er sum lånegjeld med fråtrekk av utlån til andre.

Det er lagt opp til lågt investeringsvolum dei fyrste åra i planperioden. Dette er gjort for å ha handlingsrom for større investeringar fram i tid. Det er forventa at prosjektering av framtidig bu- og tenestetilbod pleie og omsorg skal danne grunnlag for val av investeringar. Dette vil bli lagt inn ved rullering av økonomiplan 2022-2025.

6. Vesentlege inntekts- og utgiftsføresetnadar

Rammetilskot og skatt

	Budsjett 2020	Statsbudsjett oktober	Justert november	Avvik
Innbyggjartilskot	56 940	55 235	54 822	-2 118
Auke innbyggjartilskot			1 800	1 800
Utgiftsutjamning	19 803	21 127	21 127	1 324
Ingar	-122	-84	-84	38
Særskilt fordeling	1 133	497	497	-636
Distriktstilskot	5 875	6 034	6 034	159
Skjønsmidlar	800		512	-288
Sum rammetilskot	84 429	82 809	84 708	279
				-
Inntektsutjamning	14 003	14 010	14 076	73
Skatt	54 801	56 559	56 559	1 758
Sum skatt	68 804	70 569	70 635	1 831
				-
Sum frie inntekter	153 233	153 378	155 343	2 110

Skatt og rammetilskot er budsjettet i tråd med forslaget til statsbudsjett, med varsle tillegg for innbyggjartilskot i november. Dette utgjer samla ei auke med 2,1 mill. kroner opp mot budsjett 2020.

Skatteanslaget er optimistisk, og dersom det blir svikt i skatteanslag som følgje av Covid-19 legg ein til grunn at staten kompenserer dette.

Kraftinntekter og utbytte

Konsesjonskraft er redusert med 2,4 mill. fra 2020. Inntekta er lagt inn med netto 5,6 mill. kroner i 2021. Vidare i planperioden er det lagt inn med 5 mill. kroner årleg. Netto konsesjonskraft er resultatet av kjøp og sal av konsesjonskraft. Marknadspris på andre energikjelder, utvikling av andre (miljøvenlege) energikjelder, klimaendringar, nedbørsmønster, skatteregime er alle døme på element som ikkje er føreseieleg og som vil påverke pris, som for 2019 var 9,6 mill. kroner.

Kommunestyret fatta i sak 1/2019 følgjande vedtak av handlingsregel med verknad frå 2020:

For konsesjonskraftinntekter blir netto inntekt i driftsbudsjettet sett til kr 7.000.000. Overskytande netto inntekt skal avsetta til konsesjonskraftfond.

Erstatning smådøla er redusert med 650.000 kroner i 2021. Vidare i planperioden er det lagt til grunn at dette utgjer 850.000 kroner årleg.

Konsesjonsavgift er budsjettet med 4,7 mill. kroner. Dette er same nivå som i 2020, og inntekta blir i si heilheit avsett til næringsfond.

Utbytte er lagt inn med 5 mill. kroner i heile planperioden.

Kommunestyret fatta i sak 1/2019 følgjande vedtak av handlingsregel med verknad frå 2020:

For utbytte frå AS Eidefoss blir kr 3.000.000 lagt inn i driftsbudsjett. Overskytande utbytte skal avsetta på utbytefond.

Nivået på netto driftsresultat er avgjerande for å kunne avsette til disposisjonsfond. Det er lagt opp til avsetning av utbytte med 2 mill. kroner årleg gjennom heile planperioden.

Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er vidareført på same nivå som i 2020, med 0,4 mill. kroner på bustadar og fritidseigedomar, og 3,5 mill. kroner knytt til alle næringseigedomar, og energianlegga, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Skattevedtak fylgjer av protokoll frå vedtak i kommunestyret.

Næringsfond

Samla avsetning til næringsfondet er lagt inn med 4,8 mill. kroner. Av dette utgjer konsesjonsavgift 4,7 mill. og 0,1 mill. renter.

Bruk av næringsfond utgjer 3,4 mill. kroner, og fordeler seg slik :

- Tilskot til Visit Jotunheimen AS er vidareført fra 2020 med 550.000 kroner årleg.
- Tilskot til regionkontoret utgjer årleg 447.000 kroner. Av dette er 144.000 kroner knytt til partnerskapsavtale. Overføringa er auka med 51.000 kroner fra 2020.
- Løyving til landbruket er vidareført fra 2020 med 500.000 kroner årleg.
- Løyving til avverkingstilskot skogbruket er vidareført fra 2020 med 150.000 kroner årleg.
- Løyving til landbrukskontoret, der Skjåk er vertskommune, er finansiert med 1.005.000 kroner, som er same nivå som i 2020.
- Medlemskontingent til Norges nasjonalparkkommunar utgjer 25.000 kroner årleg.
- Partnerskapsmidlar til Skåppå AS er lagt inn fra 2021-2023, og utgjer 40.000 kroner.
- Sum til løn næringssjef og driftsutgifter er lagt inn med 893.000 kroner årleg.

Løns- og prisføresetnader

Lønsvekst er lagt inn med 2 %. Auka er berekna etter lønsgrunnlag for 2020, og utgjer 1,8 mill. kroner. Med unntak av tenester i regionalt samarbeid og sjølvkostområde, er denne lønsposten budsjettert sentralt og vil bli fordelt til tenesteområda når lønsoppgjeren er kjent i 2021.

Løns- og prisveksten (deflator) er i forslag til statsbudsjett estimert med 3,1 %, og dette ligg til grunn for overføringa av rammetilskotet frå staten.

Pensjonspremien er 16,64 % for Kommunanes landspensjonskasse (KLP) og 8,77 % for Statens pensjonskasse (SPK). Pensjonspremien blir berekna av pensjonsgivande løn. Premieavvik på pensjon er ikkje budsjettert, og vil som tidlegare år blir avsett til pensjonsfond og vil såleis ikkje ha resultateffekt i 2021.

Pensjonspremien er samla redusert med 3,2 mill. frå 2020 til 2021.

Vidare i planperioden er det lagt til grunn at premien vil auke opp att med 2 mill. kroner.

Det er varsla at kommunen vil få tilbakeført om lag 14 mill. kroner til premiefond i planperioden. Dette blir brukt til å dekke premien med 2 mill. kroner i 2021 og vidare med 3 mill. kroner i 2022 – 2025.

Arbeidsgivaravgift er lagt inn med 6,4 %.

Sjukeløn er budsjettert med arbeidsgivar sin andel, som er 16 dagar. Det er ikkje lagt inn refusjonsinntekt på sjukeløn utover dette. Tenesteområda må budsjettjustere dette fortløpende i 2021 slik at auka vikarutgift blir dekt med sjukelønsrefusjon.

Prisjustering er estimert til 2,3 % i forslag til statsbudsjett for 2021. Det er ikkje lagt inn auke til tenesteområda for å kompensere for dette. Konsekvensen av dette er at det må geras prioriteringar innafor driftsrammene for å dekke dette.

Gebyr og betalingssatsar er lagt inn i gebyrregulativ med 3,75% auke frå 2020. (eiga sak- link kjem)

Rente på lån er lagt inn med 1,05 %. Rentebane frå Norges Bank er lagt til grunn, og denne viser følgjande for planperioden: 2021: 0,94%, 2022: 1,06%, 2023: 1,31% og 2024: 1,41.

- **Renter** er budsjettert med 4,6 mill. kroner, som er ein reduksjon med 0,6 mill. kroner frå 2020.
- **Avdrag** er budsjettert med 9,7 mill. kroner, som er ei auke med 0,4 mill. kroner frå 2020.

Renteinntekt frå ansvarleg lån til AS Eidefoss er redusert med 130.000 kroner. Sum budsjettert renteinntekt blir etter dette 720.000 kroner.

7. Risiko og utfordringar

I ein stram kommuneøkonomi er evna til å møte uføresette hendingar særleg krevjande. Nedanfor er det lista opp nokre faktorar som kan gi kommunen ytterlegare økonomiske utfordringar.

Pandemien Covid-19: Det er lagt til grunn at staten kompenserer auka utgifter til gjennomføring av arbeidet rundt testing, isolasjon, smittesporing og karantene. Dette er omtala som TISK-strategien, og utgjer vesentleg utgiftsauke innafor rammeområde 3.

Renteutvikling: Det er lagt til grunn 1,05 % rente på lån i 2021. For eksisterande lån, er det berekna faktisk rente, korrigert for varsle renteutvikling frå Norges bank. Det er forventa at volumet på kommunens lånegjeld vil auke betrakteleg i slutten av planperioden, og dette gjer kommunen ekstra eksponert for endringar i rentenivået. Kommunen har rentesikring i form av vidare utlån av startlån, renter av ansvarleg lån til AS Eidefoss, lån for sjølvkostområde, bankbeholdning og fast rente på fleire lån. I tillegg er det forventa at ei renteauke fører til at pensjonspremien blir redusert da kommunen får betre avkastning på pensjonsmidlane.

Pensjon og løn: Pensjon og løn utgjer ca. 63 % av driftsutgiftene, og dersom lønsoppgjeret blir høgare enn budsjettert beløp, er det ikkje lagt inn ein reserve som dekker opp for dette. Rentenivået

er også avgjerande for pensjonsutgifta. Låg rente fører til høgare utgift til pensjon. Det er ikkje lagt inn reserver som dekkjer opp for evt. avvik i budsjettet pensjonsutgift.

Konsesjonskraft og utbytte: Konsesjonskraft og utbytte er lagt inn etter grunnlag frå AS Eidefoss. Det er knytt stor risiko til desse inntektene, som i stor grad blir påverka av blant anna strømprisane.

Systemkompetanse: Det er stilt store krav til systemkompetanse innanfor databaserte fagsystem i heile organisasjonen. Systema genererer utgifter og inntekter til kommunen, og det er knytt økonomisk risiko til om systema ikkje blir vedlikehalde og brukt i tråd med lov og avtaleverk. Vidare skal systema gi fagleg dokumentasjon og danne grunnlag for ulike rapporteringar. Dette krev ressursar til vedlikehald og opplæring, slik at ein sikrar effektive løysingar og riktige resultat. System innanfor pleie og omsorg, kommunale avgifter, innkjøp og økonomi er område det må vere eit særleg fokus på for å sikre effektiv organisering og auka kompetanse.

Ressurskrevjande tenester: Det er ikkje budsjettert med midlar til auke i ressurskrevjande brukarar utover det som er kjent per november 2020. Anslaget for refusjon frå staten er også ein risiko, da dette utgjer ein vesentleg inntektspost.

Barnevernstiltak: Budsjettering av barnevernstenesta er gjort ut frå i verksette og godkjente vedtak.

Integreringstilskot: Ved busetting av flyktninger mottek kommunen integreringstilskot dei fyrste fem åra. Tilskotet er størst dei første åra, før det gradvis blir mindre. Fråflytting fører til reduksjon, og tilskotet er budsjettert til 0,6 mill. i 2021. Frå 2022 vil ikkje kommunen motta integreringstilskot.

Uføresette hendingar: Det er ikkje budsjettert med reserver for å takle uføresette hendingar som flom, ras eller andre klimatiske utfordringar, større ulykker og eventuelle rettsakar.

Sentrale føringar: Det er ikkje teke høgde for statlege føringar som kan påverke inntektene til kommunen utover det som er beskrive i dokumentet.

Refusjon frå staten: Det er lagt inn som føresetnad at kompetansehevande tiltak skal finansierast med bruk av Ou-fond. Det er ein risiko å legge dette til grunn, men ein søker å eventuelt finne anna finansiering.

8. Investeringstiltak 2021 og i økonomiplanperioden

Regiondata

Det er lagt inn kr. 0,35 mill. til investering i Regiondata. Hovudvekta av det regionale budsjettet går til investering i serverfarm med 1,3 mill. kroner. Utøver dette er det nytt sak- og arkivsystem med 0,6 mill., velferdsteknologi med 0,3 mill., og elles andre fagsystem for å understøtte den digitale utviklinga.

Digitalisering

Det er lagt inn ramme med 0,4 mill. årleg i planperioden til investeringar for digitale løysingar. Handlingsplan vil bli lagt til grunn, og gevinstrealisering vil vere avgjerande for val av prosjekt.

Digitalisering skule

Det er lagt inn 0,7 mill. kroner i 2021 til innkjøp av tilleggsutstyr på skulane. Dette skal vere supplerande utstyr til ipad eller pc-ar, som blir leasa.

Kjøp av bilar heimetenesta

Det er lagt inn 0,72 mill. kroner årleg fra 2022 til innkjøp av bilar til heimesjukepleia. Den årlege ramma skal dekke behovet for utskifting av bilar.

Prosjektering av framtidig bu- og tenestetilbod

Det er lagt inn 0,9 mill. kroner i 2021 og 2022 til prosjektering av framtidig bu- og tenestetilbod innafor pleie og omsorg. Tiltaket skal dekke løn til prosjektleiar og elles andre utgifter som blir naudsynt som ein del av prosjekteringa.

Leidningsnett vatn

Prosjektet er ei vidareføring av investering frå 2020 med vurdering av tilstand på leidningsnettet for å betre dokumentasjon av lekkasjenivå. Oppfølging og dokumentasjon av krav er gjeve i Drikkevassforskrift, Mattilsynet som tilsynsorgan og myndighet.

Tiltak i 2021 er lagt inn med 0,65 mill. kroner til kartlegging av tilstand på leidningsnettet og utarbeide langsiktig plan for sanering og utskifting av kummar og leidningar.

Tiltak i 2022 er lagt inn med 0,5 mill. kroner til hovedrevision av beredskapsplanar vatn og avlaup, der det vil bli utarbeidd og gjennomført konkurranse for rammeavtale med entreprenør for utskifting av VA-leidningar. Frå 2023 til 2024 er det lagt inn 1,5 mill. kroner årleg til utskifting av kummar og leidningar.

Leidningsnett avlaup

Prosjektet er ei vidareføring av investering frå 2020 med vurdering av tilstand på leidningsnettet for å betre dokumentasjon av lekkasjenivå. Oppfølging og dokumentasjon av krav er gjeve i forureiningsforskrift og vassdirektivet, Miljødirektoratet og Fylkesmannen som tilsynsorgan og myndighet.

Tiltak i 2021 er lagt inn med 0,65 mill. kroner til kartlegging av tilstand på leidningsnettet og utarbeide langsiktig plan for sanering og utskifting av kummar og leidningar.

Tiltak i 2022 er lagt inn med 0,5 mill. kroner til hovedrevisjon beredskapsplanar vatn og avlaup, der det vil bli utarbeidd og gjennomført konkurranse for rammeavtale med entreprenør for utskifting av VA-leidningar. Frå 2023 til 2024 er det lagt inn 1,5 mill. kroner årleg til utskifting av kummar og leidningar.

VA leidningsnett, gemini

Det er lagt inn 0,3 mill. i 2021 til innkjøp av nytt system for elektronisk handtering av VA leidningsnett i kartdatabase. Dagens system Win-Map VA blir ikkje drifta frå 2021, og overgang til Gemini VA som er løysinga gir betre funksjonalitet, og blir naudsynt for gjennomføring av saneringsplan VA.

Lom vassverk, automasjonsstyring

Det blir lagt inn 0,35 mill. kroner i 2021 til styringssystem for Lom vassverk. Nytt system vil medføre at det blir mogleg med oppkopling for feilretting og fjernprogrammering frå systemleverandør.

Prosjektet bidreg til effektivisering og støttar opp om digitalisering på tenesteområde. Systemet er allereie installert på dei andre VA-stasjonane.

Fossbergom reinseanlegg, innlaupssil

Det er lagt inn 0,1 mill. kroner i 2021 til ny innlaupssil ved Fossbergom reinseanlegg. Investeringa blir klassifisert som ei påkostning da dette er større oppgradering av eksisterande innlaupssil, som er fyrste reinsetrinn med mekanisk reinsing av avlaupsvatnet.

Fossbergom reinseanlegg, kjøling tavlerom

Det er lagt inn 0,1 mill. kroner i 2021 til nytt kjølesystem og kjøling av kontroll- og tavlerom. Dette er eit tiltak for å forbetre arbeidsmiljø i kontrollrom og for å kjøle ned elementa i el-tavla.

Miljøstasjon, nytt lagerbygg

Det er lagt inn 1,5 mill. i 2021 og 1 mill. kroner i 2022 til oppgradering av miljøstasjon og tiltak for betre HMS-sikkerheit. Tiltaka er drøfta med NGR, og ved tilsyn frå Fylkesmannen i Innlandet 02.09.2020 kom det fram avvik i samband med lagring av farleg avfall. Tiltaket bidreg til å lukke avvik. I 2021 skal det byggast nytt lagerbygg ca. 85 m² for forsvarleg lagring av farleg avfall, samt noko oppgradering av uteområde. Tiltak i 2022 er bygging av nytt anlegg for plastmottak. Dette skal sikre rasjonell drift og miljøomsyn.

Kommunalt gateljos

Investering knytt til gateljos Gjeisarbakken, der kommunen er grunneigar, er lagt inn med 250.000 kroner i 2021. Det er lagt til grunn at dette kan tilkoplast eksisterande el-forsyning for gateljos. Kommunen sin gateljoslplan skal reviderast og strekka med gateljos frå Frisvoldskogen til Garmo barnehage skal innarbeidast. Gjennomføringa av strekka blir lagt inn i 2022, og blir innarbeidd ved rullering av handlingsdelen i 2021.

Kommunal veg

Det er lagt inn 3 mill. kroner til dekkeprogram for kommunal veg i 2022. Å få utført reasfaltering av asfalerte vegar samt asfaltering av utvalde grusvegar. Tiltaka vil gi standardheving på kommunale vegar delvis med oppgradering av grusvegar med fast dekke samt auke standard på asfaltdekke. Før asfaltering skal det utførast grøftereinsk, delvis nye stikkrenner og forsterking av vegkantar som også medfører standardheving.

Kartlegging av kommunale bygg

Det er lagt inn 0,15 mill. kroner til kjøp av tenester for tilstandsvurdering av bygg. Tiltaket blir vurdert som eit prosjekteringsarbeid, som skal gi grunnlag for vidare investeringsbehov. Arbeidet med å vurdere tenestetilbod opp mot vurdering av bygg, må bli prioritert fyrste halvår i 2021.

Garmo barnehage, påkost kloakkledning

Det er lagt inn 0,15 mill. kroner til skifte av kloakkledning som ligg under huset. Avlaupsrøra vil bli oppgradert til dagens standard. Nye avlaupsrør vil ha ei forventa levetid på 30-40 år, og vil få ei vesentleg standardheving frå året det vart bygd.

Lom helseheim og helsesenter

Det er lagt inn 0,4 mill. kroner i 2021 til prosjektering av nytt varmeanlegg på helseheimen og helsesenteret. Prosjektering skal bidra til enøk-kartlegging og termografering før utskifting av varmeanlegget i 2022. Det er lagt inn 4 mill. kroner til dette føremålet.

Kommunale bustadar, påkost bad

Det er lagt inn 0,3 mill. kroner i 2021 og 2022 til påkost av fire bad ved kommunale utlegebustadar. Investeringa vil føre til standardheving opp mot opprinnelige standard.

Kommunale bustadar, varmepumper

Det er lagt inn 0,13 mill. kroner i 2021 til kjøp av varmepumpe i Gjeisarbakken 8A og B. Pumpa går til oppvarming både oppe og nede i denne horisontaldelte tomannsbustaden.

Nytt låsesystem Loar barnehage, Drengestugu og Gamle Loar

Det er lagt inn 0,45 mill. til etablering av adgangskontroll ved Loar barnehage, Drengestugu og Gamle Loar. Løysinga vil vere det same systemet som blir etablert ved Loar skule og Lom ungdomsskule i 2020.

Aktivitetshus/fritidstilbod ungdom

Det er lagt inn 0,5 mill. kroner i 2021 til innkjøp av inventar og utstyr for å etablere eit fritidstilbod for ungdom. Det er eit mål at fritidstilbod for ungdom skal vere etablert fyrste halvår 2021.
(Det blir fremma eiga sak knytt til Fritidstilbod for ungdom. Saken blir lagt fram i kommunestyret 15.12, og vil ligge til grunn for tekst under dette tiltaket).

Eldhus i Presthaugen

Det er lagt inn 1.100.000 kroner til investering i eldhus i Presthaugen. Av dette utgjer kommunen sin andel 300.000 kroner, som blir dekt av næringsfond. Utover dette er det planlagt og søkt tilskot frå andre private med 800.000 kroner. Det er i tillegg til dette lagt inn 50.000 kroner som eigeninnsats i prosjektet.

Sal av anleggsmidlar

Det er lagt inn 2 mill. kroner i årleg inntekt for sal av eigedomar. Salsinntekta bidreg til eigenkapital for å finansiere andre investeringar samla. Kommunestyret skal ha eiga sak til politisk handsaming når gjennomgangen av bygg og vedlikehaldsbehov er fullført.

Ballbinge Lom ungdomsskule

Det er lagt inn 157.000 kroner til påkost av ballbinge ved Lom ungdomsskule. Av dette utgjer kommunen sin andel inntil 75.000 kroner, som blir dekt av disposisjonsfond. Utover dette blir det eit samarbeid med FAU for å finansiere resten.

Overførte investeringar frå 2020

Investeringsprosjekt som er vedteke i 2020, men som ikkje er gjennomført, blir vurdert overført til 2020. Det blir fremma eiga sak til politisk behandling i etterkant av årsoppgjeret for 2021.

9. Rammeområda

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2021	2022	2023	2024
Rammer 2020				
Fellestenester	21 014 087	21 014 087	21 014 087	21 014 087
Utgard	257 636	257 636	257 636	257 636
Bibliotek	1 428 701	1 428 701	1 428 701	1 428 701
Næring	-	-	-	-
Plan, byggesak, miljø	2 425 598	2 425 598	2 425 598	2 425 598
VAR, veg og kommunal teknikk	-107 533	-107 533	-107 533	-107 533
Kommunal eigedom	9 769 078	9 769 078	9 769 078	9 769 078
Overordna leiing og fellespostar	5 046 151	5 046 151	5 046 151	5 046 151
SUM ALLE 2020	39 833 718	39 833 718	39 833 718	39 833 718
Rammer 2021				
Fellestenester	16 707 087	16 457 087	16 557 087	16 457 087
Utgard	320 636	320 636	320 636	320 636
Bibliotek	1 221 701	1 221 701	1 221 701	1 221 701
Næring	650 000	550 000	500 000	500 000
Plan, byggesak, miljø	2 171 598	2 171 598	2 171 598	2 171 598
VAR, veg og kommunal teknikk	2 719 467	3 294 467	3 294 467	3 294 467
Kommunal eigedom	10 170 078	9 920 078	9 670 078	9 670 078
Overordna leiing og fellespostar	10 571 151	10 071 151	9 571 151	8 571 151
Ny ramme 2021-2024	44 531 718	44 006 718	43 306 718	42 206 718
<i>Innsparing</i>	-601 000	-601 000	-601 000	-601 000
<i>Reduksjon pensjon</i>	-1 139 000	-1 139 000	-1 139 000	-1 139 000
<i>Endring fra 2020</i>	4 698 000	4 173 000	3 473 000	2 373 000

9.1 Rammeområde 1 – Budsjett og aktivitetsendring

Rammeområde 1 omfattar fellestenester, Utgard, bibliotek, næring, plan/byggesak/miljø, VAR, veg, brann, kommunal eigedom og overordna leiing.

Endringar frå 2020 til 2021 er ikkje samanliknbare, da dette skuldast endra struktur på budsjettering av frie inntekter, avskrivingar, sentral lønspost for auke i 2021, og endring i budsjettering for sjølvkostområda.

Det er ikkje forventa reduksjon i pensjon frå 2022-2024. Auken er budsjettert for alle tenesteområda under kommunestyret si myndigkeit.

Følgjande aktivitetsendringar frå 2020 til 2021 og vidare ut i planperioden er lagt inn slik:

Fellestenester

- Tilskot til Nilsbue AS for **offentleg toalettanlegg** i sentrum er lagt inn årleg med 90.000 kroner.

- **IKA Opplandene** er lagt inn med 90.000 kroner, da dette ikkje var lagt inn i opprinnlege budsjett for 2020.
- Reduksjon **40% stilling innafor informasjonsarbeid** utgjer 130.000 kroner.
- Reduksjon i avtale med **bedriftshelsetenesta** utgjer 35.000 kroner.
- Auka **refusjon for lærlingar** frå Innlandet fylkeskommune utgjer 132.000 kroner. Dette kjem som fylgje av at avtala med lærlingkontoret vart sagt opp i 2020.
- **First agenda** er eit system som skal bidra til betre arbeidsverktøy for politisk verksemd. Årleg utgift til dette er lagt inn med 35.000 kroner.
- **Easy Pro eigedomsskatt** er eit system som skal bidra til betre internkontroll på lister for eigedomsskatt. Dette utgjer årleg 15.000 kroner.
- Refusjon til Vågå kommune for **skatt og arbeidsgjevarkontroll** er trekt ut med 350.000 kroner, da denne oppgåva er overført til staten.
- **Stortingsval og kommuneval** er lagt inn med 100.000 kroner i 2021 og 2023.
- **Tilskot til andre trussamfunn** skal utbetalast av staten, og er teke ut av kommunalt budsjett. Reduksjon er lagt inn med 20.000 kroner.
- Refusjon til Vågå kommune for felles **Innkjøpskontor**, er auka med 70.000 kroner. Årsaka til stor auke er underbudsjettering i 2020, der dette var lagt inn med 200.000 kroner. Den reelle overføringa frå 2020 til 2021 utgjer ein reduksjon med 9.000 kroner. Nedtaket skuldast reduksjon i pensjon og kursverksemd, samt ei auke i lisensutgifter.
- Refusjon til Sel kommune for samarbeidet **Regiondata** er lagt inn med 130.000 kroner. Årsaka er auke i lisensutgifter.
- **Tilskot til friviljugsentralar** er overført til kulturdepartementet, og er difor teke ut av kommunalt budsjett. Tilskot til Lom friviljugsentral er difor redusert med 450.000 kroner.
- Refusjon til Skjåk kommune for **felles IT-tjeneste**, er redusert med 50.000 kroner.
- Ny avtale for **datakommunikasjon/breiband** fører til redusert utgift med 190.000 kroner.
- Innføring av **Office 365** fører til auke i lisensutgifter med 581.000 kroner. Samstundes vil reduksjon i antal lisensar føre til redusert utgift med 181.000 kroner. Netto auke utgjer difor 400.000 kroner.
- Organisatorisk endring og anna inndeling av budsjett opp mot **bevilningsskjema** fører til ein reduksjon av budjettramma med 3,1 mill. kroner.
- Refusjon til Lesja kommune for felles personvernombod, er redusert med 150.000 kroner frå 2022.

Utgard

- Det er lagt inn auka utgiftsramme med 120.000 kroner. Årsaka til dette er at budsjettet til Utgard tidlegare har vore basert på inntekt frå andre tenesteområde internt i Lom kommune. For å **effektivisere** drifta, er det naudsynt å ta bort denne type oppgåver. Auka utgift har ein motpost elles i organisasjonen, men dette er ikkje spesifisert for 2020 og det er difor ikkje lagt inn nokon motpost.
- Det er lagt inn 34.000 kroner i **generell reduksjon** andre driftsutgifter.
- Det er lagt inn 92.000 kroner til auka reinhald i Utgard, grunna Covid-19. Utgifta blir lagt inn med finansiering frå staten.

Bibliotek

- Det er lagt inn reduksjon tilsvarende **10% stilling som bibliotekmedarbeidar**. Reduksjon utgjer 40.000 kroner.
- Det er lagt inn 133.000 kroner i redusert driftsutgift til **husleige**. Årsaka til dette er effektiviseringstiltak, der arbeidet med intern fakturering ikkje blir vidareført.

Næring

- Refusjon til Vågå kommune for **skogbruksjef** er lagt inn med 265.000 kroner. Denne budsjettposten er ikkje tidlegare budsjettert i ramma. Utover dette er tilskot til landbruk med 500.000 kroner, 150.000 kroner til skogbruk og refusjon til Skjåk for landbrukskontor med 1.240.000 kroner lagt til dette tenesteområdet. Auke av overføring til landbrukskontoret utgjer 18.000 kroner. Sjå elles spesifisering av næringsfond [her](#).
- Overføring til regionkontoret utgjer årleg 447.000 kroner. Av dette er 144.000 kroner knytt til partnerskapsavtale. Overføringa er auka med 51.000 kroner frå 2020.
- Partnerkapsmidlar til Skåppå AS er lagt inn med 40.000 kroner årleg for perioden 2021-2023. Tilskotet blir dekt ved bruk av næringsfond.
- Det er lagt inn 25.000 kroner årleg i tilskot til Norges nasjonalparkkommunar. Tilskotet blir finansiert ved bruk av næringsfond.
- Driftsramma for næringsarbeidet er auka med 50.000 kroner, som skal dekke arbeidet med tilflytting.
- På bakgrunn av digitalisering og effektivisering, er det lagt inn reduksjon med 100.000 kroner i 2022 og ytterlegare 50.000 kroner frå 2023 til landbrukskontoret.

Plan/byggesak/miljø

- Det er lagt inn 106.000 kroner i redusert **lønsutgift til byggesak**. Dette er Lom kommune sin del av reduksjon av 30% stilling. Stillinga er omdisponert til brannvesen, der det er gjort auke tilknytt varabransjef.
- Det er lagt inn eit generelt nedtak med 146.000. Dette er gjort etter ein grundig gjennomgang av budsjettetramma for 2020. Lom sin andel av dette utgjer 73.000 kroner.

VAR og veg

- Det er lagt inn ei **generell auke** med 100.000 kroner, for å nullstille resultat frå 2020.
- Det er lagt inn 150.000 kroner til arbeid med **innmåling av stikkrenner og flomlaup**. Arbeidet er planlagt sumaren 2021, og er viktig med omsyn til flomberekningar og beredskap.
- **Framførbare underskot** fra sjølvkostområda er lagt inn med 0,7 mill. kroner i inntekt. Denne inntekta skal ikkje avsettast til fond, da kommunen tidlegare har dekt inn underskot på sjølvkostområda. Av samla sum utgjer slam 300.000 kroner, vatn 79.000, avlaup 334.000.

Kommunal egedomsforvaltning

- Det er lagt inn 300.000 i auka **husleigeinntekt** på kommunale bustadar.
- Det er lagt inn 200.000 kroner til auka vedlikehald knytt til **vernerundetiltak**. Vernerunde vil bli lagt til grunn for prioritering av tiltak.
- Det er lagt inn 1 mill. kroner i auke av netto budsjettetramme. Årsaka til dette er effektiviseringstiltak der internfakturering ikkje blir vidareført. Det er lagt inn motpostar ved fleire tenesteområde, men det er ikkje funne full inndekning. Resultatet etter endring vil bli rapportert pr. tertial til kommunestyret.
- Drift av offentleg toalett ligg ikkje lenger til kommunen. Netto inntekt til føremålet utgår med 60.000 kroner, og budsjettetramma er kompensert for dette inntektsbortfallet.
- Løyving til "Dei gode hjelparane", som blir administrert frå Skjåk kommune, er flytta over til budsjettområde overordna leiing.
- Det er lagt inn effektiviseringskrav med 250.000 kroner frå 2022. Dette aukar med ytterlegare 250.000 kroner frå 2023. Det blir lagt til grunn reduksjon i areal og effekt av digitalisering.

Overordna leiing

- Det er lagt inn 93.000 kroner i redusert driftsutgift. Frå 2022 blir det sagt opp fleire **system** for å dekke inn reduksjonen. For 2021 blir nedtaket dekt inn ved reduksjon alle driftspostar.

- Refusjon til Sel kommune for samarbeidet **PPT** er redusert med 40.000 kroner årleg. Årsaka til redusert driftsnivå er i hovudsak reduksjon i barnetal.
- Det er lagt inn 100.000 kroner årleg til **digitalisering**. Handlingsplan vil bli lagt til grunn for val av prosjekt. Elektronisk signering av arbeidsavtaler vil bli prioritert i 2021.
- Refusjon til Skjåk kommune for **kulturskule** blir redusert med 66.000 kroner. Tenestetilbodet blir redusert med karusell idrett og kor.
- Det er lagt inn 550.000 kroner til **kompetansehevande tiltak for digitalisering i skulane**. Satsinga blir lagt inn med finansiering fra OU-fond med 350.000 kroner og bruk av bunde fond skule med 200.000 kroner.
- Det er lagt inn 0,6 mill. kroner årleg til **kompetansehevande tiltak** for leiarar i 2021 og 2022. Tiltaket er føresett finansiert med OU-fond 700.000 og bruk av disposisjonsfond 0,5 mill. kroner.
- Det er lagt inn 210.000 kroner i refusjon til Skjåk kommune for kjøp av plassar til **voksenopplæring**.
- Det er lagt inn 0,5 mill. kroner i **refusjon frå staten** knytt til opplæring.
- Budsjetttrame for **lønsoppgjer for 2021** er ikkje lagt ut til tenesteområda, men samla under overordna leiing med 1,8 mill. kroner. Midlane blir fordelt når oppgjetret er kjent.
- Budsjetttrama er finansiert med 3,8 mill. kroner etter organisatorisk endring og endringar i **bevilgningsoversikt**.
- Det er lagt inn 366.000 kroner til **sysselsetting** "Dei gode hjelparane", som blir administrert frå Skjåk kommune. Løyvinga er flytta frå tenesteområdet Kommunal eigedomsforvaltning.
- Frå 2022 er det lagt inn **effektiviseringskrav** med 0,5 mill. kroner. Reduksjonen aukar frå 2023 med ytterlegare 0,5 mill. kroner og frå 2024 med 1 mill. kroner. Det er naudsynt å gjere vurdering i 2021 om korleis dette nedtaket skal gjennomførast. Rapportering blir gjort til kommunestyret gjennom arbeidet med rullering av økonomiplan.

9.2 Rammeområde 2 – Budsjett og aktivitetsendring

Rammeområde 2 omfattar Loar og Garmo barnehagar, Loar skule og Lom ungdomsskule.

	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammer 2020				
Loar barnehage	8 258 005	8 258 005	8 258 005	8 258 005
Garmo barnehage	6 500 756	6 500 756	6 500 756	6 500 756
Loar skule	18 914 337	18 914 337	18 914 337	18 914 337
Lom ungdomsskule	11 076 985	11 076 985	11 076 985	11 076 985
Sum rammer 2020	44 750 083	44 750 083	44 750 083	44 750 083
Rammer 2021				
Loar barnehage	8 173 005	8 173 005	8 173 005	8 173 005
Garmo barnehage	5 326 756	2 726 756	2 726 756	2 726 756
Loar skule	18 824 337	18 867 337	18 467 337	18 367 337
Lom ungdomsskule	10 717 985	10 702 985	10 702 985	10 702 985
Ny ramme 2021-2024	43 042 083	40 470 083	40 070 083	39 970 083
Innsparing	-414 000	-414 000	-414 000	-414 000
Reduksjon pensjon	-1 379 000	-1 379 000	-1 379 000	-1 379 000
Endring fra 2020	-1 708 000	-4 280 000	-4 680 000	-4 780 000

I økonomiplanperioden er det teke høgde for demografisk utvikling og reduksjon i barnetal. Frå 2022 er det lagt inn ein reduksjon av rammeområde 2 med 2,6 mill. kroner.

Det er ikkje forventa reduksjon i pensjon frå 2022-2024. Auke er budsjettert for alle tenesteområda under kommunestyret si myndigkeit.

Følgjande aktivitetsendringar frå 2020 til 2021 og vidare ut i planperioden er lagt inn slik:

Loar barnehage

- **Auke i barnetal** er lagt til grunn for auka utgiftsramme med 145.000 kroner. Ved fastsetting av budsjettrame, er det teke omsyn til redusert foreldrebetaling.

Garmo barnehage

- **Reduksjon i barnetal** er lagt til grunn for redusert utgiftsramme med 827.000 kroner. Ved fastsetting av budsjettrame, er det teke omsyn til redusert foreldrebetaling.

Loar skule

- Det er lagt inn auke i netto utgiftsramme med 290.000 kroner. Øyremerka tilskot frå staten for **tidleg innsats** 1.-10. klasse vart innlemma i rammeoverføring frå staten frå 2020.
- **Reduksjon av stillingar** er lagt inn med 0,6 mill. kroner. Dette er reduksjon som fylgje av redusert barnetal.
- Skulen har **redusert tilskot til inkluderande skolemiljø** med 75.000 kroner. Dette er kompensert gjennom auke av netto utgiftsramme.

- Skulen har redusert refusjon frå kommune til **styrkingstiltak** med 450.000 kroner. Midlane er kompensert gjennom auka av netto utgiftsrame, da anna styrking er sett inn på fleire årstrinn.
- **Skuleskyss** er auka med 20.000 kroner.
- **Kjøp av skulebøker** er redusert med 48.000 kroner som fylgje av digitalisering i skulen.
- Tidlegare rame for refusjon til Skjåk for **UKM** er teke ut frå budsjettområde med 30.000 kroner.
- **Digitalisering** er lagt inn årleg med 218.000 kroner. Dette skal dekke leasing/kjøp av utstyr med 170.000 kroner og styringsverktøy med 48.000. I tillegg kjem oppstartsutgift med 15.000 i 2021.
- **Utgifter til SFO** er lagt inn med 42.000 kroner i 2021 på bakgrunn av innføring av 5 dagars skuleveke for 2. klasse. Årsverknad er lagt inn med 100.000 kroner frå 2022 og ut planperioden.

Lom ungdomskule

- På bakgrunn av redusert elevtal, er det lagt inn reduksjon med 131.000 kroner, knytt til **redusert lærarressurs**.
- Det er lagt inn **generell reduksjon** med 100.000 kroner. Dette blir gjort etter grundig vurdering av vidareført budsjetttrame frå 2020.
- **Vaksenopplæringa** vart utfasa i 2020, og netto utgiftsramme er kompensert med 67.000 kroner.
- Det er lagt inn 50.000 kroner i redusert driftsutgift til **husleige**. Årsaka til dette er effektiviseringstiltak, der arbeidet med intern fakturering ikkje skal vidareførast.
- **Kjøp av skulebøker** er redusert med 30.000 kroner som fylgje av digitalisering i skulen.
- **Digitalisering** er lagt inn årleg med 186.000 kroner. Dette skal dekke leasing/kjøp av utstyr med 165.000 kroner og styringsverktøy med 21.000. I tillegg kjem oppstartsutgift med 15.000 i 2021.

9.3 Rammeområde 3 – Budsjett og aktivitetsendring

Rammeområde 3 omfattar Helse og velferd, og Pleie og omsorg.

	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammer 2020				
Helse og velferd	18 109 212	18 109 212	18 109 212	18 109 212
Pleie og omsorg	60 212 994	60 212 994	60 212 994	60 212 994
Sum ramme 2020	78 322 206	78 322 206	78 322 206	78 322 206
Rammer 2021				
Helse og velferd	16 130 212	15 902 212	15 902 212	15 902 212
Pleie og omsorg	59 128 474	59 128 474	60 128 474	60 828 474
Sum ny ramme 2020-2022	75 258 686	75 030 686	76 030 686	76 730 686
<i>Innsparing:</i>	-1 017 000	-1 045 000	-1 045 000	-1 045 000
<i>Reduksjon pensjon</i>	-810 000	-810 000	-810 000	-810 000
<i>Endring fra 2020</i>	-3 063 520	-3 291 520	-2 291 520	-1 591 520

I økonomiplanperioden er det teke høgde for demografisk utvikling og forventa auka press på helse- og omsorgstenestene med overføring frå rammeområde 2 til rammeområde 3 med 1,0 mill. kroner i 2023 og med 1,7 mill. kroner i 2024.

Det er ikkje forventa reduksjon i pensjon frå 2022-2024. Auke er budsjettert for alle tenesteområda under kommunestyret si myndigheit.

Følgjande aktivitetsendringar frå 2020 til 2021 og vidare ut i planperioden er lagt inn slik:

Helse og velferd

- **Flyktingetenesta** er redusert med 195.000 kroner.
- Som fylgje av færre flyktningar, er **løn til introduksjonsordninga** redusert med 760.000 kroner.
- Det er lagt inn 40.000 i meirinntekter for endra **takstbruk**.
- **Legevaktsbil** blir utfasa og det er lagt til grunn reduksjon i driftsutgiftene med 20.000 kroner.
- Vertskommunesamarbeid med Skjåk kommune for **ergo- og fysioterapi** fører til redusert driftsutgift for fysioterapien med 100.000 kroner i 2021. Vidare i planperioden er det lagt inn reduksjon med 128.000 kroner.
- Det er lagt 196.000 kroner i driftsramma for å dekke auke i **ergoterapitenesta**. Dette er dekt gjennom overføring frå Pleie og omsorg.
- Auka stillingsressurs i 2020 til **førebyggande helse** knytt til helsestasjon og skulehelsetenesta er vidareført med 320.000 kroner. Tiltaket er finansiert gjennom øyremerka midlar frå Helsedirektoratet.

- Det er lagt inn 300.000 kroner til auka bemanning for gjennomføring av **TISK-strategien** i 2021 og 2022. Tiltaket er lagt inn med finansiering frå staten.
- Det er lagt inn 1,5 mill. kroner i 2021 og 2022 til **innkjøp av utstyr** knytt til handteringen av Covid-19. Tiltaket er føresett finansiert frå staten.
- Utgiftene til legevakt ved **NGLMS** er lagt inn med 71.000 kroner.
- Stillingsstorleik til **tenesteleiar** er utvida med 40%, slik at den nå er 100%. Det er funne inndeckning for deler av auka, og resterande er lagt inn med 130.000 kroner.
- **Barnevernstenesta** er redusert med 0,8 mill. kroner. Årsaka til dette er reduksjon i plasseringsutgifter.
- Det er lagt inn 490.000 kroner i reduksjon til **NAV** knytt til stønad for livsopphald.
- Regional evaluering av **svangerskapsomsorg og jordmorvakt** skal leggast fram i 2021 og danne grunnlag for val av vidare modell. Det er i økonomiplanen lagt inn eit estimat på reduksjon med 200.000 kroner frå 2022.

Pleie og omsorg

- Oppseiing av avtale om **Veilederen.no** (Visma smart skill) er lagt inn og utgjer ein reduksjon på 86.000 kroner.
- I samband med omstellingsprosess og dreiling av tenesteyting, er det lagt inn 243.000 kroner i reduksjon av 40% stilling til **praktisk bistand** og kutt av 19% stilling som **aktivitør** som utgjer 100.000 kroner i reduksjon.
- Samarbeid om **regional kreftkoordinator** blir avslutta. Dette gjev ein reduksjon på 220.000 kroner.
- Det er lagt inn kutt av eksternt kjøp på **bistand av hygienesjukepleiar** frå Sjukehuset Innlandet som utgjer 13.000 kroner i reduksjon.
- For å styrke det førebyggande arbeidet knytt opp imot tidleg innsats for eldre, er det overført 196.000 kroner frå pleie og omsorg si driftsramme til helse og velferd si driftsramme. Dette skal dekke auke av 20% **ergoterapeutstilling**.
- I samband med etablering av prosjektet framtidig bu- og tenestetilbod for pleie og omsorg, er det gjort ei **tilbakeføring av budsjettvedtak for 2020** med 2,0 mill. kroner til nattevaktstilling Fredly og 1,2 mill. kroner til styrking av heimesjukepleia. Dette er tiltak som blir sett på vent inntil ny vurdering føreligg.
- Det er lagt ei auke på 90.000 kroner til digitalisering og oppretting av **velferdsteknologi** som ei eiga teneste.
- Auke av utgift til intermediær og KAD ved **NGLMS** utgjer 178.500 kroner. Budsjettforslag frå vertskommune utgjer om lag 0,2 mill. i større auke enn det som er lagt inn.

- Det er teke høgde for ei inntektsauke på **statleg refusjon** med 0,5 mill. kroner. Dette er knytt til ressurskrevjane tenester.
- Auka innslagspunkt **ressurskrevjande tenester** er lagt inn med 184.000 kroner.

10. Budsjettkjema og protokoll vedtak

Løvvingsoversikt drift, del A

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Rammetilskudd	95 377	98 431	98 784	96 984	96 984	96 984
Inntekts- og formueskatt	53 274	52 501	54 259	54 259	54 259	54 259
Eiendomsskatt	3 861	3 856	3 856	3 856	3 856	3 856
Andre generelle driftsinntekter	15 572	11 663	8 529	7 955	7 955	7 955
Sum generelle driftsinntekter	168 084	166 451	165 428	163 054	163 054	163 054
Sum bevilgninger drift, netto	157 646	162 906	162 832	159 507	159 407	158 907
Avskrivninger	16 357	13 830	13 830	13 830	13 830	13 830
Renteinntekter	3 359	3 065	2 920	2 920	2 920	2 920
Utbrytter	5 000	7 060	5 000	5 000	5 000	5 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
Renteutgifter	4 991	5 086	4 486	4 486	4 486	4 486
Avdrag på lån	8 834	9 336	9 686	9 686	9 686	9 686
Netto finansutgifter	-5 467	-4 297	-6 252	-6 252	-6 252	-6 252
Motpost avskrivninger	16 357	13 830	13 830	13 830	13 830	13 830
Overføring til investering	-35	-500	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	316	484	-319	-519	-519	-559
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-6 237	-6 287	-2 120	-2 069	-2 419	-2 929
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	-2 699	-4 032	-2 439	-2 588	-2 938	-3 488
Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)	-2 272	225	-	-	-	-

Løvvingsoversikt drift, del B

	Budsjett	Budsjett	Budsjett	Budsjett
	2021	2022	2023	2024
Sum rammeområde 1	44 531 718	44 006 718	43 306 718	42 206 718
Sum rammeområde 2	43 042 083	40 470 083	40 070 083	39 970 083
Sum rammeområde 3	75 258 686	75 030 686	76 030 686	76 730 686
	162 832 487	159 507 487	159 407 487	158 907 487

Økonomisk oversikt drift

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Driftsinntekter						
Rammetilskudd	95 377	98 431	98 784	96 984	96 984	96 984
Inntekts- og formuesskatt	53 274	52 501	54 259	54 259	54 259	54 259
Eiendomsskatt	3 861	3 856	3 856	3 856	3 856	3 856
Andre skatteinntekter	7 679	7 000	7 000	7 000	7 000	7 000
Andre overføringer og tilskudd fra staten	7 893	4 663	1 529	955	955	955
Overføringer og tilskudd fra andre	32 538	31 146	27 392	27 692	27 362	27 362
Brukerbetalinger	10 173	9 596	8 822	8 822	8 822	8 822
Salgs- og leieinntekter	37 378	36 899	35 253	33 928	33 928	33 928
Sum driftsinntekter	248 172	244 092	236 894	233 495	233 165	233 165
Driftsutgifter						
Lønnsutgifter	136 714	136 839	129 969	127 359	127 439	127 109
Sosiale utgifter	27 306	24 733	26 681	27 074	27 093	27 013
Kjøp av varer og tjenester	56 131	54 016	57 915	56 585	55 805	55 705
Overføringer og tilskudd til andre	17 584	20 401	13 637	13 637	13 637	13 597
Avskrivninger	16 357	13 830	13 830	13 830	13 830	13 830
Sum driftsutgifter	254 091	249 819	242 033	238 486	237 805	237 256
Brutto driftsresultat	-5 919	-5 727	-5 139	-4 990	-4 640	-4 090
Finansinntekter						
Renteinntekter	3 359	3 065	2 920	2 920	2 920	2 920
Utbytter	5 000	7 060	5 000	5 000	5 000	5 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-	-	-	-	-	-
Renteutgifter	4 991	5 086	4 486	4 486	4 486	4 486
Avdrag på lån	8 834	9 336	9 686	9 686	9 686	9 686
Netto finansutgifter	-5 467	-4 297	-6 252	-6 252	-6 252	-6 252
Motpost avskrivninger	16 357	13 830	13 830	13 830	13 830	13 830
Netto driftsresultat	4 971	3 806	2 439	2 588	2 938	3 488
<i>Korrigert netto driftsresultat</i>			2 120	2 069	2 419	2 929
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:						
Overføring til investering	-35	-500	-	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av bundne driftsfond	316	484	-319	-519	-519	-559
Netto avs. til eller bruk av disposisjonsfond	-6 237	-6 287	-2 120	-2 069	-2 419	-2 929
Bruk av tidligere års mindreforbruk	3 256	2 272	-	-	-	-
Dekning av tidligere års merforbruk	-	-	-	-	-	-
Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat	-2 699	-4 032	-2 439	-2 588	-2 938	-3 488
Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)	-2 272	225	-	-	-	-
Fremført til inndekn. i senere år (merforbruk)	-	225	-	-	-	-

Løyvingsoversikt investering, del 1

	Regnskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023	Budsjett 2024
Investeringer i varige driftsmidler	17 965	7 466	9 607	11 670	4 470	4 683
Tilskudd til andres investeringer	119	-	-	-	-	-
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	714	-	711	711	711	711
Utlån av egne midler	-	-	-	-	-	-
Avdrag på lån	966	1 000	-	-	-	-
Sum investeringsutgifter	19 764	8 466	10 318	12 381	5 181	5 394
Kompensasjon for merverdiavgift	3 102	1 321	841	1 894	434	434
Tilskudd fra andre	723	105	851	-	-	-
Salg av varige driftsmidler	1 258	-	2 000	2 000	2 000	2 000
Salg av finansielle anleggsmidler	-	-	-	-	-	-
Utdeling fra selskaper	-	-	-	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	1 249	1 000	-	-	-	-
Bruk av lån	13 667	4 580	5 540	7 776	2 036	2 249
Sum investeringsinntekter	19 999	7 006	9 232	11 670	4 470	4 683
Overføring fra drift	35	500	75	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	-1 358	-	300	-	-	-
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	1 089	-	711	711	711	711
Dekning av tidligere års udekkeket beløp	-	-	-	-	-	-
Sum overføring fra drift og netto avsetn.	-235	500	1 086	711	711	711

Løyvingsoversikt investering, del 2

Prosjekt	2021	2022	2023	2024
Regiondata, utstyr/programvare	350 000	350 000	350 000	350 000
Digitalisering	400 000	400 000	400 000	400 000
Digitalisering skule, innkjøp utstyr	700 000			212 500
Kjøp av bilar heimesjukepleia		720 000	720 000	720 000
Prosjektering framtidig bu- og tenestetilbod PO	900 000	900 000		
Ledningsentt vatn, VAR	650 000	500 000	1 500 000	1 500 000
Ledningsentt avløp, VAR	650 000	500 000	1 500 000	1 500 000
Miljøstasjon, nytt lagerbygg, VAR	1 500 000	1 000 000	0	0
VA ledningsnett, Gemini VA, VAR	300 000	0	0	0
Lom vassverk, automasjonsstyring, VAR	350 000	0	0	0
Fossbergom RA, innløpssil, VAR	100 000	0	0	0
Fossbergom RA, kjøling tavlerom, VAR	100 000	0	0	0
Eigenkapitalinnskot KLP, (kjøp av aksjer)	711 000	711 000	711 000	711 000
Tilstandsvurdering kommunale bygg	150 000	0	0	0
Garmo barnehage, rehabiliter kloakkledning	150 000	0	0	0
Lom Helseheim, enøktiltak	425 000	4 000 000	0	0
Kommunale bustader, renovering totalt 4 bad	300 000	300 000	0	0
Gjeisarbakken 8A og B, varmepumpe	125 000	0	0	0
Låsesystem Loar barnehage, Drengestugu og Gamle	450 000	0	0	0
Fritidstilbod ungdom/ aktivitetshus	500 000		0	0
Vegdekke		3 000 000		
Gateljos Gjeisarbakken	250 000			
Eldhus Presthaugen	1 100 000			
Balibinge Lom ungdomsskule	157 000			
Brutto investering	10 318 000	12 381 000	5 181 000	5 393 500

Oversikt gjeld og forpliktingar

Alle lån	2021	2022	2023	2024
Langsiktig gjeld	248 849 515	246 163 267	243 862 317	235 583 379
Nye lån	8 140 000	7 776 000	2 036 000	2 248 500
Avdrag ord. Lån og startlån	10 426 248	9 762 950	9 665 898	9 606 955
avdrag nye lån	400 000	314 000	649 040	810 480
Langsiktig gjeld	246 163 267	243 862 317	235 583 379	227 414 444

Protokoll– Kommunestyret 15.12.2020, sak 61/2020

Kommunestyret vedtek kommuneplanens handlingsdel, økonomiplan 2021-2024 og årsbudsjettet for 2021 med følgjande føresetnader:

1. Nytt låneopptak i 2021 blir gjennomført som serielån i medhald av gjeldande finansreglement for Lom kommune. Lånebeløpet blir sett til 7,9 mill. kroner, og er spesifisert i løvvingsoversikt investering, del B. I tillegg kjem låneopptak på overførte investeringar frå 2020 til 2021, jf. egen kommunestyresak.
2. Gebyr og betalingssatsar blir vedteke i eiga sak.
3. Med grunnlag i eigedomskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 bokstav e, skal eigedomsskatt skrivast ut etter desse alternativa for skatteåret 2021:
 - Det blir skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med tre sjudelar i 2021 (overgangsregel til esktl. §§ 3 og 4 fyrste ledd første pkt.)
 - Alle faste eigedomar innanfor klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, jfr. KS-sak 125/75.
 - Energiplattformer, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Generell skattesats blir sett til 7 promille, jf. esktl. § 11 fyrste ledd.

For eigedomar med sjølvstendige bustaddelar og fritidseigedomar, blir skattesatsen for 2021 sett til 2 promille, jf. esktl. §§ 11 fyrste ledd og 12 a.

Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på kr 300 000, som skal trekkast frå takstverdien, jf. esktl. § 11 andre ledd.

Det skal vera fritak for nærmare angjevne eigedomar åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jf. esktl. § 7 bokstav a. Liste over eigedomar med fritak vert vedtatt seinare.

Nyoppført bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad er friteke for eigedomsskatt i 10 år (esktl. § 7 bokstav c) eller inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret, jf. esktl. § 25 første ledd. Ved taksering og utskriving av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne vedtekter, jf. esktl. § 10. (Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2012.)

5. Godtgjersle folkevalde er fastsett i k-sak 73/2007. Ordføraren si godtgjersle er knytt opp mot godtgjersle for stortingsrepresentantar, slik at godtgjersle utgjer 85 % av stortingsrepresentantgodtgjersle avrunda til nærmeste kr. 5.000.
6. Delegering til administrasjonssjefen:
 - Budsjettet for 2021 er fastsett gjennom obligatoriske løyvings- og hovudoversikter for drifts- og investeringsbudsjettet. Budsjettet blir vedteke som netto løyving til rammeområda, jfr. løyvingsoversikt drift, del B.
 - Netto premieavvik for pensjonar er delegert til administrasjonssjefen i skjema 1B. Dette følger av økonomireglement pkt. 3.4.
 - Delegering utover dette følgjer av økonomireglement pkt. 3.4.
 - Stillingar skal i all hovudsak lysast ut eksternt.
7. Budsjettet for 2021 og økonomiplanen for 2021-2024 blir lagt ut til offentleg ettersyn via Lom kommune si heimeside i perioden 25.11.20 - 08.12.20. Eventuelle merknader må være Lom kommune skriftlig i hende innan 08.12.20.

I tillegg skal dei punkta det blei votert over i behandlinga av budsjett og økonomiplan, og som fekk fleirtal arbeidast inn i dokumentet.

*Alle endringar som vart vedteke under behandlinga, er innarbeidd i dokumentet i etterkant.
Link til fullstendig protokoll:*

https://postliste.regiondata.no/Innsyn_Lom/Dmb>ShowDmbDocument?mId=1081&documentTypeId=MP